§ 3.3.3 Dersom det under arbeidet i sjøen vert oppdaga marine kulturminne, skal arbeidet straks stoppast, og Bergen Sjøfartsmuseum skal kontaktast.

§ 3.4 OMRÅDE FOR SMÅBÅTANLEGG MED TILHØYRANDE STRANDSONE

§ 3.4.1 Området skal nyttast til båtopplag.

§ 3.5 OMRÅDE FOR NAUST

§ 3.5.1 Innan området kan byggjast naust.
Naust er definert som eit bygg for lagring/oppbevaring av båtar og ulike fiskereidskap samt eit bygg for maritim rekreasjon.

§3.5.2 Maksimalt tillete bruksareal er 40 m2 BYA og maksimal mønehøgd er 5 meter frå ferdig golv.Innanfor N7 skal det byggjast felles naust med mindre sjøboder.. Tillatt $BYA=100m^2$

§ 3.5.3 Taket skal utformast som saltak, med takvinkel mellom 40-45 grader. Taktutstikk skal vera knappe. Taktekking skal vera som for tradisjonelle naust.

§ 3.5.4 Vindauge skal vera ståande (høge) utan store glasflater og utgjera maksimalt 3 % av den totale veggflata på naustet.

§ 3.5.5 Terrasse, balkong, ark, karnapp, rekkverk, levegg, grillhus, anneks, uthus er ikkje tillete i naustområdet.
Det samme gjeld trapper påbygd utvendig fasasde.

§ 3.5.6 Det kan tillatast toalett og dusj. Maksimal storleik på våtrom er 4 m2.

§ 3.5.7 Det må dokumenterast rett til bilparkering før frådeling – eller før godkjenning av byggeløyve på tidlegare frådelt tomt.

## § 4.0 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

§ 4.1 Vegar, parkeringsplassar og gangvegar skal opparbeidast i samsvar med detaljplanar godkjent av Bokn kommune.

§ 4.2 Vegar skal vera offentlege.
Parkeringsplasser skal vera felles, private trafikkareal.

§ 4.3 Planar for nye kaiar skal godkjennast av hamnemynde.

## § 5.0 FRILUFTSFØREMÅL

§ 5.1 Innan desse områda kan det ikkje gjerast gjerast terrenginngrep av noko slag.
Unnateke er leikeapparat, rasteplassar og liknande.

## § 6.0 HENSYNSSONER

§ 6.1 Innanfor hensynssone H730 for bandlegging etter lov om kulturminne finst det eiin steinalderbuplass med ID 53713.

Det er ikkje tillete å setje i gang tiltak som kan skade, øydeleggje eller utilbørlig skjemma kulturminnet, eller føreta nokon form for fysiske inngrep i området, jf. Kulturminnelova §§ 3 og 8.
Fortrinnsvis bør slike tiltak fremjast i form av ei reguleringsendring.

§ 6.2 Innanfor hensynssone H570 kan det ikkje førast opp bygg eller anlegg, jf. § 3 i Kulturminnelova vedrørande skjemming.
Eventuelle tiltak innanfor området må på førehand avklarast med kulturmynde, jf. Lov om kulturminne §§ 3 og 8.
Fortrinnsvis bør slike tiltak fremjast i form av ei reguleringsendring.

## § 7.0 REKKEFYLGJEKRAV

§ 7.1 Før det kan gjevast bruksløyve, må området vere tilknytt godkjent vass- og avlaupsanlegg.
Teknisk plan for veg, vatn, avlaup og overvatn skal godkjennast av Bokn kommune i samband med byggemeldinga av dei tekniske anlegga.

§ 7.2 Før det kan gjevast bruksløyve, må avkøyrsler, tilkomstvegar, felles parkeringsplassar, siktsoner og gangvegar vere opparbeidd i tråd med godkjent plan.

§ 7.3 I samband med utarbeiding av byggeplanar, kvalitets-/hms-planar skal det gjennomførast ei meir detaljert risikovurdering i forkant av anleggsarbeid for å unngå eventuell fare for grunnbrot, utgliding av lausmassar, skade på leidningsnett og sikringstiltak for gåande/køyrande gjennom anleggsområdet. Dokumentasjon på at dette er fullført skal leggjast ved byggemeldingar i samband med søknad om tiltak innafor planområdet.

Rev. 03.09.15
Stord, 23.04.15

J. TUFTELAND AS

# BOKN KOMMUNE
## Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| **Styre, utval, komite m.m.** | **Møtedato** | **Saksnr** | **Sakshands.** |
| Forvaltningsstyre | 03.06.2015 | 018/15 | HMF |

| | | |
|---|---|---|
| **Saksansv.:** Hans Faye | **Arkiv:** K2-L12<br>**Objekt:** | **Arkivsaknr**<br>14/400 |

## Reguleringsplan for Hålandsjøen småbåthavn.

### Dokumentliste:

| Nr | T | Dok.dato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 1 | I | 02.05.2014 | Øystein Tufteland | Forslag til planområde |
| 2 | I | 07.07.2014 | Tørres Havn Nordnes | VS: Annonse - Melding om oppstart av planarbeid |
| 3 | I | 07.07.2014 | Tørres Havn Nordnes | SV: Annonse - Melding om oppstart av planarbeid |
| 4 | I | 09.07.2014 | J.Tufteland | Melding om oppstart av planarbeid. |
| 5 | I | 15.07.2014 | Gunnar Hop | Innspel frå Gunnar Hop |
| 6 | I | 22.07.2014 | Haugaland kraft | Innspel frå Haugaland kraft |
| 7 | I | 04.08.2014 | Fylkesmannen i Rogaland | Kopi av fråsegn til varsel om oppstart av planarbeid på gnr./bnr. 11/185 m.fl. Hålandssjøen, Bokn |
| 8 | I | 10.08.2014 | Statens vegvesen | E39/fv.890 - Melding om oppstart av planarbeid - Reguleringsplan - Småbåthamn - Hålandsjøen i Bokn kommune |
| 9 | I | 13.08.2014 | Anne Britt Ottøy | Uttale til melding om oppstart av reguleringsplan - Hålandssjøen - Bokn kommune - Rogaland fylke |
| 10 | I | 06.10.2014 | Fylkesrådmannen i Rogaland | Bokn kommune - Reguleringsplan - Småbåthavn Hålandsjøen |
| 11 | I | 17.11.2014 | Øystein Tufteland | 2014.10.09, Reguleringsplan Hålandsjøen |
| 12 | I | 03.12.2014 | J.Tufteland AS | Reguleringsplan Hålandsjøen, Bokn kommune. Revisjon gangveg 1,2 og 3 datert 02.12.2014 |
| 13 | I | 10.12.2014 | KAJ-ARNE CHRISTIANSEN | Reguleringsplan Hålandsjøen |
| 14 | U | 06.01.2015 | KAJ-ARNE CHRISTIANSEN (kajch89@hotmail.com); | Møte med båtforreningen 2015.01.06 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | jtas@jtas.no,; vaktmester, | |
| 15 | I | 12.01.2015 | Øystein Tufteland | VS: Revidert Reguleringsplan Hålandsjøen, 2015.01.12 |
| 16 | U | 12.01.2015 | KAJ-ARNE CHRISTIANSEN (kajch89@hotmail.com); vaktmester, | Ber om uttale til Revidert Reguleringsplan Hålandsjøen,2015.01.12 |
| 17 | I | 23.04.2015 | Øystein Tufteland | 2015.04.23, 1. leveranse frå Tufteland - Reg.plan Hålandssjøen |
| 18 | U | 21.05.2015 | Hans Faye | Reguleringsplankart. |
| 20 | N | 21.05.2015 | | Reviderte planbestemmelser |
| 21 | U | 21.05.2015 | Hans Faye | Tidligere kommunestyrevedtak |

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

...I henhold til PBL §§12-11 godkjenner forvaltningsstyret at forslag til revidert reguleringsplan for småbåthavn ved Hålandssjøen datert 29.07.2015,sist revidert 20.05.2015 med tilhørende bestemmelser av 23.04.2015, sist revidert 21.05.2015 legges ut til offentlig ettersyn.

## 03.06.2015 FORVALTNINGSSTYRE

**FV-018/15 VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke samrøystes.

**Kva saka gjeld:**

Reguleringsplan for servicesenter, boliger og småbåthavn ved Hålandssjøen ble vedtatt første gang i 1989. Se vedlagte reguleringsbestemmelser og utsnitt av plankart.

I 2001 vedtok kommunestyret at en skulle starte arbeidet med bygging av regulert molo ved å benytte overskuddsmasser fra veganlegget E39.
Del av vedtaket hadde følgende ordlyd:

*«Prosjektet vil etter planen gi 40 nye båtplasser i tillegg til å betra forholda for 20 nausttomter. Kommunen sine utgifter refunderes enten direkte gjennom sal av båtplasser eller gjennom avtale om leige av moloanlegget til Bokn båtforening eller andre interessenter. Formannskapet får fullmakt til eventuelt å fastsetja pris gjennom leige av båtplasser og laga retningslinerfor sal og bruk eller inngå avtale med Bokn båtforening eller annan forening om utleige av moloanlegget til småbåthavn»*

Arbeidet med molo ble satt i gang, men det var ikke tilstrekkelig med masser til å ferdigstille anlegget etter reguleringsplanen. Moloen ble derfor liggende uferdig i mange år fram til arbeidet med T-forbindelsen startet. Kommunen fikk da tilbod fra Statens vegvesen om levering av overskuddsmasser fra tunnelanlegget. Moloen ble da etterhvert ferdigstilt.

I april 2012 var saken om småbåthavna i Hålandssjøen oppe til ny behandling i kommunestyret der del av vedtaket hadde følgende ordlyd:

*«Bokn kommunestyret løyver kr.1.000.000,- får å planleggja og gjera ferdig moloen og landområdet ved molofestet. Kostnaden blir finansiert ved låneopptak på kr.1.000.000,- Planen skal vise bruken av båthamna på sjø og land og leggja til rette for parkering og felles naust med boder. Båtforeininga skal for eiga rekning leggja ut bryggjer og flytebryggjer med utriggarar og eventuelt setja opp fellesnaust»*

Det er sistnevnte vedtak som er grunnlaget for at administrasjonen har fått utarbeidet en revidert reguleringsplan for småthavna med tilstøtende landarealer ved Hålandssjøen. Planen bygger i hovudsak på reguleringsplanen frå 1989, men er justert i forhold faktisk utbygging og det er gjort en presisering i forhold til arealformålene.

**Saksutgreiing:**

Planforslaget er utarbeidet av J.Tufteland A/S på Stord. Det vises til vedlagte planomtale og ROS analyse.
Planen har vært varslet i form av oppstartmelding. Merknadene er omtalt og det konkluderes med at alle merknadene er tatt hensyn til med unntak av et innspill fra Gunnar Hop som ønsket atkomst til sin eigedom på sørsiden av havna.

Planen viser nå at arealene mellom nausttomtene er regulert til friområder i tråd med opprinnelig planforslag. Det er foreslått følgende bestemmelse for friområdet:
*Arealene skal være offentlig tilgjengelig og åpne for leik og badeplasser. I strandsonen kan tillates båtplasser og brygger for alminnelig bruk. Båtopplag eller annen form for lagring er ikke tillatt. Båtplasser og brygger skal godkjennes av Bokn kommune.*

Planen viser ellers eksisterende uteriggere og potensialet for utvidelse. Det lagt inn en brygge/kai på innsiden av «molokronen». Innerst i havna ved molofestet er det en grunne som kan sprenges vekk. Her kan det tilrettelegges for inntil 7 plasser for mindre båter.
Ferdig utbygd vil småthavna kunne betjene 42 båter.

Arealene sør for molofestet var opprinnelig regulert til allmennyttig formål. Arealet er nå vist som offentlig eller privat tjenesteyting med tanke på oppføring av et klubbhus. Sjølinja er regulert til kai.

Område N7 er regulert til naust, men forutsetningsvis skal det her bygges felles naust som skal inneholde mindre sjøboder. Tillatt BYA er foreslått til $100m^2$

Det er regulert ca. 35 parkeringsplasser som er tilstrekkelig til å betjene småbåthavna.

**Vurdering:**

Etter rådmannen sin vurdering er planforslaget i prinsippet i samsvar med tidligere godkjent reguleringsplan, men der en har fått tydeliggjort arealbruken i henhold faktisk bruk og kommunen sine målsettinger for havna og tilstøtende landarealer.

Rådmannen kan anbefale at planforslaget legges ut til offentlig ettersyn.

KYSTVERKET
VEST

*sendt pr. e-post*

Bokn kommune
Boknatun
5561 BOKN

BOKN KOMMUNE

| Sak: 14/400 | | J.nr 15/2174 |
|---|---|---|
| Saksansv.: HMF | Saksbeh.: HMF | U.Off §: - |
| Arkivkode: L 12 | | J. dato: 17/7-15 |

| Deres ref.: | Vår ref.: | Arkiv nr.: | Saksbehandler: | Dato: |
|---|---|---|---|---|
| | 2014/3337-4 | 413.2 | Anne Britt Ottøy | 16.07.2015 |

## Uttale til forslag til reguleringsplan for Hålandssjøen småbåthavn - Bokn kommune - Rogaland fylke

Viser til deres brev av 18.06.2015 vedrørende ovennevnte.

Kystverkets merknader til oppstart av planarbeidet er fulgt opp, og vi har ikke ytterligere merknader til fremlagt forslag til plan.
De tiltak som planlegges etablert må dimensjoneres slik at de kan motstå blant annet drag og bølgeslag fra påregnelig båttrafikk i bileden.

Med hilsen

Anne Britt Ottøy
fung. avdelingssjef

John Steinar Raknes
seniorkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Eksterne kopimottakere:
Fylkesmannen i Rogaland Postboks 59 4001 STAVANGER

ROGALAND
FYLKESKOMMUNE

**FYLKESRÅDMANNEN**
Regionalplanavdelingen

BOKN KOMMUNE
Sak: 14/400-25 | J.nr: 15/2109
Saksansv.: HMF | Saksbeh.: HMF | U.Off §: -
Arkivkode: L12 | J. dato: 9/7-15

Bokn kommune

5561 BOKN

08.07.2015

Deres ref.:

Saksbehandler: Tom Gyran
Direkte innvalg: 51 92 10 30

Saksnr. 14/13665-9
Løpenr. 46807/15
Arkivnr. FR-RB BOK

Hålandssjøen/småbåthavn

**SVAR - FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR HÅLANDSSJØEN SMÅBÅTHAVN - OFFENTLIG ETTERSYN**

Vi viser til ovennevnte sak som er sendt fylkeskommunen til uttalelse.

Kulturavdelingen sender eget brev.

Planforslaget er i store trekk lik gjeldende reguleringsplan vedtatt i 1989. Plan- og bygningsloven er endret flere ganger siden dette, og planforslaget bør ta hensyn til lovendringene, særlig når det gjelder samfunnssikkerhet (havstigning og vindpåkjenning) og universell utforming, jf. pbl. § 1.

Det legges opp til mindre endringer og justeringer for å bringe planen i henhold til eksisterende situasjon, og for å gi rom for en beskjeden utvidelse av anlegg for naust og kai.

Fylkesrådmannen ser at det i gjeldende plan er lagt inn et friområde i sør som løper helt ned til sjøen. Kommunen bes vurdere om en her bør legge inn en adkomst ved hjelp av en utvidelse av friluftsområdet eller en gangvei forbi planlagt klubbhus.

For øvrig har ikke fylkesrådmannen ytterligere kommentarer til planforslaget.

Med hilsen

Tom Gyran
rådgiver

Paal Kloster
rådgiver

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.*

POSTADRESSE
Postboks 130 Sentrum
4001 Stavanger

BESØKSADRESSE
Arkitekt Echoffsgt.1
Stavanger

TELEFON
51 51 66 00

TELEFAKS
51 51 68 90

BANKGIRO: 3201.05.50520

E-POST: firmapost@rogfk.no

INTERNETT: www.rogfk.no

Kopi:
Fylkesmannen i Rogaland

ROGALAND
FYLKESKOMMUNE

**FYLKESRÅDMANNEN**
Kulturavdelinga

Bokn kommune

5561 BOKN

24.06.2015

Dykkar ref.:

Hålandssjøen/småbåthavn

Saksbehandlar: Angunn Skeiseid
Direkte telefon: 51 51 67 06

Saksnr. 14/13665-8
Løpenr. 42376/15
Arkivnr. FR-RB BOK

**BOKN KOMMUNE. GNR 11 DIV BNR. REGULERINGSPLAN FOR SMÅBÅTHAMN HÅLANDSSJØEN - OFFENTLEG ETTERSYN. MOTSEGN MED FORSLAG TIL LØYSING**

Rogaland fylkeskommune viser til brev frå Dykk som vart motteke her den 18.06.2015.

Rogaland fylkeskommune, ved seksjon for kulturarv, har behandla planen som sektormyndigheit innanfor kulturminnevern.

Innanfor planområdet ligg det eitt automatisk freda kulturminne: steinalderbuplass (ID53713).

I planen som no er sendt på offentleg ettersyn er kulturminnet innanfor planområdet markert på plankart, men her er ein del endringar som må gjerast for å få på plass riktige omsynssonar og markeringar for kulturminnet.

På bakgrunn av manglar med tanke på markeringar i plankartet og manglande bestemming i planføresegnene fremjer Rogaland fylkeskommune, ved seksjon for kulturarv **administrativ motsegn** til planen. Dette vart det også varsla om i brev frå oss datert den 06.10.2014. Motsegna kan fråfallast på følgande vilkår:

**ID 53713 Steinalderbuplass**

Ut frå det no innkomne plankartet ser vi at steinalderbuplassen med Askeladden ID 53713 er markert på plankartet som omsynssone d) H730. Fem meters sikringssone skal også ha omsynssone d) H 730, ikkje c) H570. Omsynssona skal ha ruteskravur. Omsynssone d) H730 skal ligge i kombinasjon med LNF-R, eventuelt grøntområde med tilhøyrande reguleringsbestemming:

Hensynssone for båndlegging etter lov om kulturminner, H730: *Innanfor «hensynssone for båndlegging etter lov om kulturminner finst det ein steinalderbuplass med ID 53713. Det er ikkje tillate å setje i gang tiltak som kan skade, øydelegge eller utilbørlig skjemme kulturminnet eller foreta nokon form for fysiske inngrep i området, jf. Kulturminnelovens §§ 3 og 8. Eventuelle tiltak innanfor området må på førehand avklarast med kulturminnemyndigheitene, jf. Lov om kulturminner §§ 3 og 8. Fortrinnsvis bør slike tiltak fremjast i form av ei reguleringsendring.*

POSTADRESSE
Postboks 130 Sentrum
4010 STAVANGER

BESØKSADRESSE
Arkitekt Eckhoffsgt. 1
STAVANGER

TELEFON
51 51 66 00

TELEFAKS
51 51 68 90

BANKGIRO: 3201.05.50520

E-POST: firmapost@rogfk.no

INTERNETT:

Området rundt dette kulturminnet må markerast med omsynssone c) SOSI-kode H570 rundt omsynssone d). Til omsynssone c) må det knytast ei bestemming som sikrar at det ikkje blir ført opp bygg eller anlegg for tett på dei automatisk freda kulturminna, jf. §3 vedrørande skjemming. Eventuelle tiltak innanfor området må på førehand avklarast med kulturminnemyndigheitene, jf. Lov om kulturminne §§ 3 og 8. Fortrinnsvis bør slike tiltak fremjast i form av ei reguleringsendring.

Når frist for denne offentlege høyringa har gått ut, ber vi om å få oversendt planen på ny avgrensa høyring der våre merknader er arbeida inn i planen.

Med helsing
Seksjon for kulturarv

Kate I. Jellestad Syvertsen
seksjonssjef

Angunn Skeiseid
rådgjevar

Kopi: Fylkesmannen i Rogaland
J. Tufteland rådgjevande ingeniørar AS

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje signatur.*

**Fra:** Angunn Skeiseid <angunn.skeiseid@rogfk.no>
**Sendt:** 10. september 2015 17:21
**Til:** Hans Faye
**Emne:** Regplan småbåthamn Hålandssjøen

Ad reguleringsplan for småbåthamn Hålandssjøen - denne ser grei ut. Då kulturminnet er sikra i planen i tråd med våre merknader i brev av 24.06.2015, trekkjer vi motsegna vi hadde til planen.

Vennleg helsing frå

Angunn Skeiseid
Rådgjevar/arkeolog
Seksjon for kulturarv
Rogaland fylkeskommune
angunn.skeiseid@rogfk.no <mailto:angunn.skeiseid@rogfk.no>

# BOKN KOMMUNE
## Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| **Styre, utval, komite m.m.** | **Møtedato** | **Saksnr** | **Sakshands.** |
| Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma | 02.03.2015 | 003/15 | BJL |
| Forvaltningsstyre | 03.06.2015 | 021/15 | BJL |
| Kommunestyret | 16.06.2015 | 026/15 | BJL |
| Forvaltningsstyre | 20.10.2015 | 039/15 | BJL |
| Kommunestyret | 15.12.2015 | 065/15 | BJL |

| | | |
|---|---|---|
| **Saksansv.:** Bjørn Løvland | **Arkiv:** K2-L12<br>**Objekt:** | **Arkivsaknr**<br>06/330 |

**Reguleringsplan for strandområdet med turveg mellom Alvestadkroken og Føresvik, justert framlegg**

**Dokumentliste:**

| **Nr** | **T** | **Dok.dato** | **Avsendar/Mottakar** | **Tittel** |
|---|---|---|---|---|
| 37 | I | 07.02.2013 | Unni Torsteinbø | G/BR 11/79 - innspel til reguleringsplan |
| 38 | I | 12.02.2013 | Turid Verdal | SV: G/BR 11/79 - bekreftet mottak av innspel |
| 39 | I | 02.07.2013 | Akvator AS | Innlevering av detaljregulering for turveg mellom Alvestad og Føresvik |
| 40 | I | 02.07.2013 | Akvator AS | SV: Innlevering av detaljregulering for turveg mellom Alvestad og Føresvik |
| 42 | I | 23.08.2013 | Turid Verdal | Avklaringar knytt til detaljplan for turveg mellom Alvestad og Føresvik |
| 43 | I | 23.08.2013 | Turid Verdal | Avklaringar - forslag reviderte vedtekter, 23.08.2013 |
| 41 | U | 30.08.2013 | Turid Værdal Akvator AS | Uttale frå Bokn kommune om planforslag |
| 44 | U | 06.09.2013 | Kåre Bua | Plassering av turveg |
| 45 | U | 06.09.2013 | Akvator AS | Detaljregulering for turveg mellom Alvestad og Føresvik - merknader til planframlegg |
| 46 | I | 06.09.2013 | T. Verdal Akvator AS | Akvator, kostnad tillegsarbeid |
| 48 | I | 23.09.2013 | Turid Verdal | Endeleg planomtale for Turveg Alvestad-Føresvik. |
| 49 | I | 23.09.2013 | Turid Verdal | Endelege føresegner for Turveg Alvestad-Føresvik. |
| 50 | I | 23.09.2013 | Turid Verdal | Endeleg plankart for planframlegg for Turveg Alvestad-Føresvik. |
| 51 | I | 23.09.2013 | Turid Verdal | Endeleg - vedlegg 1 - ilustrasjom - |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | småbåtanlegg - planframlegg for Turveg Alvestad-Føresvik. |
| 52 | I | 23.09.2013 | Turid Verdal | Endeleg - vedlegg 2 - uttalelser til oppstartmelding - turveg mellom Alvestad og Føresvik |
| 53 | I | 23.09.2013 | Turid Verdal | Endeleg - uttale frå fylkesmannen - 2009 - turveg mellom Alvestad og Føresvik |
| 55 | I | 30.09.2013 | Turid Verdal | Reguleringsplan Turveg |
| 56 | U | 11.11.2013 | Haugesunds Avis | Høyring av framlegg til reguleringsplan for turveg Føresvik-Alvestadstadkroken |
| 57 | U | 11.11.2013 | 45 mottakere... | Høyring av framlegg til reguleringsplan for turveg Føresvik - Alvestadkroken |
| 58 | U | 11.11.2013 | regionalplanseksjonen Rogaland fylkeskommune; kulturseksjonen Rogaland fylkeskommune; Fylkesmannen i Rogaland; Karmsund interkommunale havnevesen IKS; Haugaland og Sunnhordland distri Statens vegvesen; Region Vest Kystverket; Gassco; Friluftsrådet Vest; Universitetet i Stavanger Arkeologisk museum | Høyring av framlegg til reguleringsplan for turveg Føresvik - Alvestadkroken |
| 59 | U | 19.11.2013 | Kjell Frode Lie | Høyring av framlegg til reguleringsplan for turveg Føresvik - Alvestadkroken |
| 60 | U | 22.11.2013 | Venke Haga | Høyring av framlegg til reguleringsplan for turveg, Føresvil - Alvestad |
| 61 | I | 05.12.2013 | Eyvind Alvestad | Gjelder reguleringsplan for turveg mellom Føresvik og Alvestadkroken |
| 62 | I | 08.12.2013 | Terje Ognøy | Gjelder eigedom gnr.11 bnr.58 |
| 63 | I | 11.12.2013 | Magnus Grøsfjeld | Forslag til reguleringsplan for turvei mellom Føresvik og Alvestadkroken - Eyvind Alvestad gnr. 11 bnr. 266 i Bokn |
| 64 | U | 16.12.2013 | Eivind Alvestad | Gnr 11 bnr 266 - Eivind Alvestad - førebels svar på klage på reguleringsplan Føresvik til Alvestad |
| 66 | I | 17.12.2013 | Kystverket | Uttale tl forslag til reguleringsplan turveg Føresvik-Alvestadkroken-Bokn kommune - Rogaland fylke |
| 67 | I | 18.12.2013 | Terje Alvestad | Tilbakemelding reguleringsplan Turveg Føresvik - Alvestad |
| 68 | I | 19.12.2013 | Edvin Øvrebø | Angående reguleringsplan for Alvestad - Føresvik |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 69 | I | 22.12.2013 | Lars Egil Ognøy | Ang. reguleringsplan for turveg Føresvik - Alvestadkroken |
| 70 | I | 26.12.2013 | Møyfrid Vatnaland | Reguleringsplan Turveg Føresvik - Alvestadkroken |
| 71 | I | 26.12.2013 | Fylkesmannen i Rogaland | Motsegn til reguleringsplan for turveg frå Føresvik til Alvestadkroken, Bokn |
| 72 | I | 30.12.2013 | Marie Vågshaug | "Høyring av framlegg til reguleringsplan for turveg Føresvik - Alvestadkroken". |
| 73 | I | 31.12.2013 | Kjell Frode Lie | Merknad til høyring turveg |
| 74 | I | 08.01.2014 | Fylkesmannen i Rogaland | Uttale til reguleringsplan turveg Alvestadkroken - Føresvik |
| 65 | U | 14.01.2014 | Adv. Torstrup § Grøsfeld | Gnr 11 bnr 266 - Eivind Alvestad ved Adv. Torstrup § Grøsfeld - foreløpig svar på merknader til reguleringsplan Føresvik til Alvestad |
| 75 | U | 06.03.2014 | Per.Erling.Wiken@akersolutions.com, | SV: Status på reguleringsplan Alvestad 06.03.2014?, Gnr 11 bnr 256 |
| 76 | U | 10.03.2014 | 51 mottakere... | Høyring av framlegg til reguleringsplan for turveg mellom Føresvik og Alvestadkroken - melding om synfaring |
| 77 | U | 14.03.2014 | Etter adresseliste | Høyring av framlegg til reguleringsplan for turveg mellom Føresvik og Alvestadkroken - melding om synfaring - ny dato |
| 78 | U | 03.04.2014 | Venke Haga | Høyring - melding om synfaring |
| 79 | U | 10.04.2014 | Bjørn Løvland; Kjell Arne Valentinsen | Møtereferat - Plangjennomgang, Bokn - Fylkesmann |
| 80 | I | 25.04.2014 | Terje Alvestad | VS: Tilbakemelding reguleringsplan Turveg Føresvik-Alvestad |
| 81 | U | 21.05.2014 | Turid (Turid.Verdal@akvator.no) Verdal | Reguleringsplan Alvestad til Føresvik, oversendingsbrev og innspel |
| 82 | I | 03.06.2014 | Turid Verdal | Nytt offentleg ettersyn, Reguleringsplan bustad og turveg Alvestad til Føresvik |
| 83 | I | 03.06.2014 | Turid Verdal | Nytt offentleg ettersyn, Reguleringsplan bustad og turveg Alvestad til Føresvik |
| 84 | I | 11.06.2014 | Turid Verdal | SV: Reguleringsplan Alvestad til Føresvik, ander 1. gongsbehandling |
| 90 | I | 16.12.2014 | Kåre Bua | VS: Reguleringsplan turveg |
| 87 | U | 13.01.2015 | Haugesunds Avis | Høyring av framlegg til reguleringsplan for strandområdet Alvestad mot Føresvik med bustader og naust |
| 88 | U | 13.01.2015 | Grunneigarar og naboar etter adresseliste | Høyring av framlegg til reguleringsplan for strandområdet Alvestad mot Føresvik med bustader og naust |
| 89 | U | 13.01.2015 | Universitetet i Stavanger | Høyring av framlegg til |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | Arkeologisk museum ;<br>Friluftsrådet Vest;<br>Fylkesmannen i Rogaland;<br>Gassco;<br>Karmsund interkommunale havnevesen IKS;<br>Region Vest Kystverket;<br>kulturseksjonen Rogaland fylkeskommune;<br>regionalplanseksjonen Rogaland fylkeskommune;<br>Statens vegvesen Region Vest;<br>Statoil ASA | reguleringsplan for strandområdet Alvestad mot Føresvik med bustader og naust |
| 91 | U | 21.01.2015 | Anne Elisabet Askeland;<br>Ingunn Toft | Uttale til reguleringsplan for strandsona (turveg) Alvestad til Føresvik |
| 92 | I | 10.02.2015 | Anne Britt Ottøy | Uttale til framlegg til reguleringsplan for strandområdet Alvestad mot Føresvik med bustader og naust - Bokn kommune - Rogaland fylke |
| 93 | I | 18.02.2015 | Fylkesrådmannen i Rogaland. | Høyring av framlegg til reguleringsplan for strandområdet Alvestad mot Føresvik med bustader og naust. Behov for synfaring. |
| 95 | I | 04.03.2015 | Fylkesmannen i Rogaland | Uttale til høring av plan for strandområdet på Alvestad mot Føresvik - Motsegn |
| 96 | I | 08.03.2015 | Hans Faye | Reguleringsplan for strandsone mellom Føresvik og Alvestadkroken-Merknad |
| 97 | I | 08.03.2015 | Ingjerd Ellingsen og Augustin Thuestad | Merknader til framlegg til reguleringsplan for strandområdet Alvestad mot Føresvik med bustader og naust. |
| 98 | U | 10.03.2015 | Rogaland Fylkeskommune | Reguleringsplan - Utsatt høringsfrist til 18.04.2015 |
| 99 | I | 15.04.2015 | Fylkesrådmannen i Rogaland | Melding om politisk vedtak - Bokn kommune - Høyring av framlegg til regulringsplan for strandområdet. |
| 10<br>0 | I | 28.04.2015 | Ingjerd Ellingsen og Augustin Thuestad | Tillegg til merknad til framlegg til reguleringsplan for strandområdet Alvestad mot Føresvik med bustader og naust. |
| 10<br>2 | X | 26.05.2015 | | Føresegner revidert 26.05.2015 |
| 10<br>4 | U | 18.06.2015 | Haugesunds Avis | Høyring av framlegg til reguleringsplan for turveg Føresvik - Alvestadkroken |
| 10<br>5 | U | 18.06.2015 | Grunneigarar og naboar etter adresseliste | Høyring av framlegg til reguleringsplan for turveg Føresvik - Alvestadkroken |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 106 | U | 18.06.2015 | Universitetet i Stavanger Arkeologisk museum ; Friluftsrådet Vest; Fylkesmannen i Rogaland; Gassco; Karmsund interkommunale havnevesen IKS; Region Vest Kystverket; kulturseksjonen Rogaland fylkeskommune; Statens vegvesen Region Vest; Statoil ASA; Fylkesrådmannen V/Regionlautviklingsavdelingen | Høyring av framlegg til reguleringsplan for turveg Føresvik - Alvestadkroken |
| 107 | I | 24.06.2015 | Eyvind Alvestad | Uttale - Sti fra Føresvik til Alvestadkroken. |
| 108 | I | 01.07.2015 | Kåre Bua | Reguleringsplan Alvestad - Føresvik |
| 110 | I | 06.07.2015 | Angunn Skeiseid | Ber om utsett frist reguleringsplan turveg Alvestadkroken - Føresvik |
| 109 | I | 07.07.2015 | Angunn Skeiseid | Ad reguleringsplan for turveg Alvestad- Føresvik |
| 111 | I | 09.07.2015 | Fylkesmannen i Rogaland | Fråsegn til reguleringsplan for turveg Føresvik - Alvestadkroken, Bokn. |
| 112 | I | 13.07.2015 | Fylkesrådmannen i Rogaland | Svar - Bokn kommune - Høyring av framlegg til reguleringsplan for turveg Føresvik - Alvestadkroken. |
| 113 | I | 03.08.2015 | Edvin Øvrebø | Merknad Turveg Føresvik-Alvestad |
| 114 | I | 04.08.2015 | Møyfrid Vatnaland | Merknader til turveg Føresvik Alvestadkroken |
| 115 | I | 04.08.2015 | Angunn Skeiseid | Turveg, uttale |
| 116 | I | 05.08.2015 | Angunn Skeiseid | SV: Turveg, uttale |
| 117 | I | 13.08.2015 | Jan G Auestad Fylkeskonservator | Høyring av framlegg til reguleringsplan for turveg Føresvik - Alvestadkroken |
| 118 | I | 13.08.2015 | Fylkesrådmannen i Rogaland, | Plankart med indikasjon av omsynssone |
| 119 | I | 29.09.2015 | Kåre Bua | VS: Reguleringsplan for turveg mellom Alvestad og Føresvik - møte |
| 120 | I | 02.10.2015 | Turid Verdal | SV: Reguleringsplan for turveg mellom Alvestad og Føresvik - møte |

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

Plan- og bygningslova

Kommuneplanen sin arealdel

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til justert detaljregulering av turveg mellom Alvestad og Føresvik med kart dagsett 20.09.2015 og føresegner dagsett 20.09.2015, sendt på ei avgrensa høyring til fylkesmannen i Rogaland, Regionalplanavdelinga og Seksjon for kulturarv i Rogaland fylkeskommune og dei grunneigarane som vert direkte råka av endringane.
Frist for uttale vert sett til 4 veker.

**20.10.2015 FORVALTNINGSSTYRE**
Saka vart drøfta.

Senterpartiet sette fram forslag som fylgjer:

Planen blir lagt ut på høyring etter at turvegen er teken ut av planen.

Etter dette blei senterpartiet sitt framlegg sett opp mot framlegg frå rådmannen.

**FV-039/15 VEDTAK:**

Framlegg frå rådmannen fekk to røyster frå AP og fall.
Senterpartiet sitt framlegg fekk 4 røyster og vart vedteke.

**Kva saka gjeld:**

Framlegg til reguleringsplan for strandsona mellom Føresvik og Alvestadkroken justert ut frå innspel i høyringsrunden etter kommunestyret sitt vedtak om utlegging til offentleg ettersyn.

**Bakgrunn for saka:**

Plan for detaljregulering av strandområdet mellom Alvestad og Føresvik har vore fremja til handsaming og lagt ut til offentleg ettersyn i fleire omgangar med og utan turveg.
I sak 036/13 er det gjort greie for handsaming av planen fram til vedtaket om å sende framlegget ut på høyring og leggje det ut til offentleg ettersyn.

Siste handsaming i forvaltningsstyret var i sak 021/15, der det vart gjort fylgjande vedtak:

*Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til detaljregulering av turveg mellom Alvestad og Føresvik med kart dagsett 11.06.2014 og føresegner dagsett 11.06.2014 med den endring at storleiken på naust og fritidsbustad vert justert slik at dei samsvarer med føresegnene til kommuneplanen sin arealdel, sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.*
Vedtaket vart gjort mot 2 røyster.

Saka vart så lagt fram for kommunestyret, som den 16.06.2015 i sak 026/15 vedtok forvaltningsstyret si innstilling mot 6 røyster.

Saka vart deretter sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn med uttalefrist 04.08.2015.
I høyringsrunden kom det inn merknader frå 4 offentlege instansar og 3 private grunneigarar.
Fråsegna frå Seksjon for kulturarv i Rogaland fylkeskommune innebar ei motsegn som gjorde det naudsynt med vidare drøftingar med fylkeskommunen med tanke på å finne ei løysing som gjer at planen kan eigengodkjennast.
Endringane som er beskrivne nærare nedanfor, er så omfattande at det er behov for å sende saka på avgrensa høyring til dei som vert råka av endringane.

**Endringar i plankart og føresegner etter dialogmøte med Rogaland fylkeskommune**

Plankart og føresegner er endra basert på dialog med Rogaland fylkeskommune. Endringane er basert på omsyn til eksisterande kulturminne og potensiale for nye funn.

Plankartet er endra med omsyn til plangrense, type omsynssone og føremål nord i plankartet.

- Utvida plangrense for å inkludere 5m sikringssone kring kulturminne
- Arealføremål endra frå «kulturminne» til grønstruktur
- Ny omsynssone H730_1

FØR, reguleringsplankart datert 11.06.2014



ETTER, reguleringsplankart datert 11.09.2015



Plankartet er endra med omsyn til plangrense og føremål i område mellom friområde og bustadområde.

- Utvida plangrense for å inkludere område med potensiale for kulturminne
- Arealføremål endra frå «grønstruktur» og «kulturminne» til LNF eller grønstruktur
- Bustadområde B2, nord for kjøreveg, er teke ut. ID for bustadføremål er justert
- Arealføremål for bustadeigedom gnr. 11/51 (B1) er justert med omsyn til kulturminne
- Trase for turveg er endra med omsyn til kulturminna i området. Turvegen er flytta nærmare sjøen.

FØR, reguleringsplankart datert 11.06.2014



ETTER, reguleringsplankart datert 11.09.2015



Plankartet er endra med omsyn til omsynssoner i område mellom friområde og bustadområde.

- Arealføremål kulturminne og nærområda er endra til omsynssoner
  - H730 = Bandlegging etter lov om kulturminne (faktiske funn)
  - H570 = Bevaring kulturmiljø (potensiale for funn, og omsyn til eksisterande funn/miljø)

- Omsynssone H 570_1 innanfor bustadføremål er endra til både H730 og H570

1. Zoom reguleringsplankart datert 11.06.2014. kulturminne ID 213690, 53603:




2. Zoom reguleringsplankart datert 11.09.2015, kulturminne ID 213690, 53603:




Andre endringar i plankartet:

- Kulturminne ID 43887, nord for friområdet og N5, er teke ut av planen som føremål kulturminne, og no inkludert i føremålet grønstruktur.

Føresegnene er endra på følgjande punkt:

- Føremåla kulturminne er endra til grønstruktur eller LNF. Føresegn §6.2 i tidlegare versjon er teke ut.
- ID bustadføremåla er endra med omsyn til at bustadområde B2 er teke ut av planen i revidert kart datert 11.09.2015
- Føresegner i dialog med Rogaland fylkeskommune:
  - Turveg: §§ 5.2.2 og 5.2.3
  - Omsynssoner: §§ 8.3 og 8.4

**Arbeidet med det nye planframlegget**

Det justerte planframlegget der turvegen er teken inn i planen i samsvar med kommunestyret sitt vedtak i sak 026/15, vart sendt på høyring og kunngjort i Haugesunds Avis og på kommunen sine heimesider.
Høyringsfristen vart sett til 04.08.2015.

I høyringsrunden kom det inn 4 innspel frå offentlege instansar, og 3 merknader frå private grunneigarar.
Rogaland fylkeskommune fremja motsegn mot planen, etter dialogmøter førte til endringar slik det er gjort greie for ovanfor.

Nedanfor er merknadane referert, med kommentarar til desse.
Dei fullstendige innspela fylgjer som vedlegg til saka.

**Innspel i høyringsrunden**

**Innspel frå private**

**Eivind Alvestad, eigar av gnr. 11 bnr. 266**

*«Jeg er i mot å få en sti over min tomt. Stien bør begrenset til å gå fra Føresvik til badeplassen for der går den langs sjøen, etter det går den opp og ned på jorder med en tur ned til sjøen under broen. Der er det ikke helt trygt å gå da det har forekomt at deler har komt ned fra paserende biler. Skal en ha sti langs sjøen bør den gå der etter mitt syn.»*

Kommentar:

Kommunetyret har som øvste ansvarlege for planlegging i kommunen gått inn for at turvegen skal gå frå Føresvik til Alvestadkroken, og dette er og lagt inn i kommuneplanen sin arealdel som vart vedteke av kommunestyret den 17.12.2013.
Ved val av trase er det i størst mogeleg grad teke omsyn til eksisterande vegar/gangdrag, og det synes ikkje grunnlag for å endre trasevalet nå.
Mindre justeringar/tilpassingar må kunne gjerast når vegen skal byggast.

Merknaden fører ikkje til endring i planframlegget.

**Edvin Øvrebø, eigar av gnr. 11 bnr. 12**

*«Eg protesterer sterkt att turvegen blir teken inn i reguleringsplanen igjen.*
*Då turvegen deler av kulturbeitet på vår eigedom.*
*Blir den bygt etter kartskissen ligg den ikkje i strandsona på vår eiendom.*
*Blir den bygt må den liggja inn til hagen til Finn Alvestad.*
*Det er nok av plasser å gå tur på på Bokn»*

Kommentar:

I det justerte framlegget er turvegen trekt lenger vestover mot grensa av gnr. 11 bnr. 51, og vidare sørover er den trekt nærare strandsona.
Endringa er såleis i tråd med det eigar av gnr. 11 bnr. 12 ynskjer.
Grensa for reguleringsområdet er trekt nok lenger vestover grunna det automatisk freda fornminnet og arealet er vist som omsynssone H730 = Bandlegging etter lov om kulturminne (faktiske funn) og H570 = Bandlegging kulturmiljø (potensiale for funn, og omsyn til eksisterande funn/miljø).

**Møyfrid Vatnaland, eigar av gnr. 11 bnr. 143**

*«Som grunneigar er eg i utgangspunktet i mot denne turvegen da den truleg blir til ulempe for oss med gjerde og vegvedlikehald. Det er underleg at ein skal gjerde eigaren ute frå strandsona og beite for at andre skal ha glede av min eigedom.*

*3.2 Bustader*
*Under punkt 3.2.1*
*Det skal ved alle søknader om tiltak dokumenterast at siktlinjer til sjø for bakanforliggjande hus ikkje vert brote.*
*Kan ikkje sjå at dette lar seg gjennomføre å bygge ny bustad utan å bryte siktlinje til sjø for bakenforliggende hus.*

*3.4.2*
*At det kun er tillatt med eit vindu er ikkje i tråd med tidliger byggeskikk på naust. Det er heller ikkje like regler som i Hålandsjøen der nylig bygget naust har godkjent fleire vindu og større vindusflate.*

*4.2*
*Grunneigar krever at kommunen skal stå for vedlikehold av veg som blir brukt som turveg, når planen er vedtatt.*

*5.1*
*Deler av grøntområde som ligg på vårt område er ei grop som ein ønsker å planere og det er planlagt plassering av septiktank.*

*5.2.3*
*Ein må vurdere anna form for lyssetting enn lysmaster.*
*Høyspentmaster (strømlaus) må fjernes dette er skjemmande for heile området.»*

Kommentar

3.2.1
Når det gjeld kravet i reguleringsføresegnene om at siktliner til for sjø bakanforliggjande hus ikkje vert brote ved nybygg, kan eigar av gnr. 11 bnr. 143 ha rett i at dette kravet kan vera vanskeleg å oppfylle.

Reguleringsføresegnene vert derfor endra ved at dette kravet vert fjerna.

3.4.2
Kravet om maksimal storleik på vindauge i nye naust er i samsvar med føresegnene til kommuneplanen sin arealdel som kommunestyret vedtok 17.12.2013.
At det er sett krav om berre eitt vindauge inneber i praksis inga skjerping i høve til dette kravet.

Merknaden på dette punktet fører ikkje til endring i planen.

4.2
Vedlikehald av den framtidige turvegen må avklarast når denne er bygd.

Merknaden fører ikkje til endring i planen

5.1
Dette referer seg til eit tiltak som vil vera søknadspliktig og som må avgjerast ved innsending av byggesøknad.

Merknaden fører ikkje til endring i planen

5.2.3
Lyssetting av turvegen må vurderast nærare saman med kulturminnemynde når vegen skal etablerast.

Merknaden fører ikkje til endring i planen

## <u>Innspel frå offentlege instansar</u>

### Statens vegvesen

Statens vegvesen melder i brev dagsett 04.06.2015 at dei ikkje har merknader til endringane i planen.

### Fylkesmannen i Rogaland

Brev dagsett 08.07.2015:

*«Vi viser til oversending frå kommunen i saka.*

*I det 2. offentlege ettersynet har Bokn kommune teken inn att den samanhangande turvegen langs sjøen frå Føresvik til Alvestadkroken. Kommunen har også innarbeid konklusjonane i drøftingsmøte/synfaring mellom kommunen og Fylkesmannen frå 09.04.2014.*

*På vilkår av at reguleringsplanen blir vedtatt i samsvar med slik den er lagt ut til offentleg ettersyn, vil Fylkesmannen trekke si motsegn til planen. Skulle det bli lagt inn nye byggetiltak ved sluttbehandling av planen, vil motsegna fortsatt vere gjeldande.*

*Statens vegvesen har ikkje merknader til planen, jfr. vedlagt fråsegn.»*

Kommentar

Justeringa i planen i høve til det framlegget som har vore ute på høyring, gjeld berre tilhøve som skuldast tilpassing av turvegen til fornminna i området.
Fylkesmannen vil likevel få tilsendt det justerte framlegget når dette vert sendt ut på ei avgrensa høyring.

**Rogaland fylkeskommune, Regionalplanavdelinga**

Rogaland fylkeskommune, Regionplanavdelinga melder i brev dagsett 13.07.2015 at dei på grunn av at turvegen er teken inn i planen att, trekkjer motsegna til planen.

Avslutningsvis i brevet heiter det:

*«Fylkesrådmannen mener planforslaget nå ivaretar almennhetens interesser ved at turveien er lagt inn i planen. Antallet naust er ikke endret, men turveien vil i tilstrekkelig grad kunne sikre tilgangen til strandsonen. Fylkesrådmannen kan på bakgrunn av endringen i plan frafalle innsigelsen»*

Kommentar

Fylkesrådmannen vil få tilsendt det justerte framlegget når dette vert sendt ut på ei avgrensa høyring.

**Rogaland fylkeskommune, seksjon for kulturarv**

Rogaland fylkeskommune, seksjon for kulturarv, varslar i brev dagsett 04.08.2015 motsegn mot planen grunna konflikt med fornminna i området.

Kommentar:

I dialog med fylkeskommunen har ein kome fram til justeringar som gjer at planframlegget kan godkjennast.
Seksjon for kulturarv i fylkeskommunen vil få tilsendt det justerte planframlegget når dette vert sendt ut på ei avgrensa høyring

**Konklusjon:**

Manglande reguleringsplan for strandsona mellom Alvestadkroken og Føresvik har ført til at det nærast har vore umogeleg å få godkjent tiltak i dette området ut frå byggeforbodet i strandsona.

Ein reguleringsplan for området ville løyst dette problemet.
I drøftingar med fylkesmannen og fylkeskommunen har det lukkast å kome til semje om ein plan som viser ei utnytting av strandsona, som på ei god måte tek omsyn til både private grunneigarar og ålmenta sine interesser.
Denne semja byggjer i all hovudsak på at den turvegen som er lagt inn i planen, vert vurdert å gje ålmenta tilgang til strandområdet på ein måte som kompenserer for ei relativt høg utnytting av byggearealet for naust og tiltak i sjøen.
Rådmannen vil på denne bakgrunnen rå til at det justerte framlegget til plan vert sendt på ei avgrensa høyring til fylkesmannen, fylkeskommunen og dei grunneigarane som vert direkte råka av endringane.

**BOKN KOMMUNE**

Til: Ordføraren

**Dok. ref.**
06/330-122/K2-L12//BJL

**Dato:**
07.12.2015

## Reguleringsplan for strandområdet med turveg mellom Alvestadkroken og Føresvik, justert framlegg til reguleringsføresegner

I framlegget til reguleringsføresegner dagsett 20.09.2015 er det ein feil i pkt.3.4.2 med omsyn til tilråding for høgdeplassering av framtidige naust.
I framlegget er det tilrådd ei plassering av ferdig golv minst på ct. + 1,5.
Dette er i strid med tilrådinga i den nyleg vedtekne kommuneplanen, det det for naust er sett i sett ct. + 2,0 for naust og tilsvarande bygg.
Reguleringsføresegnene er justert slik at det vert samsvar mellom kommuneplanen og reguleringsplanen på dette punktet.
Dei justerte føresegnene er dagsett 07.12.2015, og det må ved ei evt. godkjenning refererast til føresegner med denne dato.

Kåre Bua
Teknisk sjef


| Postadr.: | Telefon: | Telefaks: | Bankgiro: | Org. nr: | E post: |
|---|---|---|---|---|---|
| 5561 Bokn | 52 75 25 00 | | 3373.07.00305 | 964979723 | bjolov@bokn.kommune.no |

## Bokn kommune

# Detaljregulering for turveg mellom Alvestad og Føresvik, Bokn kommune

### § 1. REGULERINGSFØREMÅL

1.1. Det regulerte området er vist på plankartet datert 23.09.2013, revidert 20.09.2015

1.2. Arealet innanfor plangrensa er regulert til følgjande føremål:

BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL § 12-5, 2.ledd nr. 1)
- Bustader
- Fritidsbusetnad - frittliggjande
- Småbåtanlegg i sjø
- Uthus/ naust/ badehus

SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5, 2. ledd nr. 2)
- Veg
- Kjøreveg
- Annan veggrunn - teknisk anlegg
- Parkeringsplassar

GRØNSTRUKTUR (PBL § 12-5, 2.ledd nr.3)
- Grønstruktur
- Turveg
- Friområde

LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL (PBL § 12-5, 2. ledd nr. 5)
- Landbruks-, natur- og friluftsføremål (LNF)

BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (PBL § 12-5, 2. ledd nr. 6)
- Ferdsel
- Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

OMSYNSSONE (PBL § 12-6, 1. ledd)
- Andre sikringssoner, H190
- Rød støysone, H210
- Gul støysone, H220
- Brann-/eksplosjonsfare, H350
- Omsynssone: bevaring kulturmiljø, H570
- Omsynssone: Bandlegging etter lov om kulturminne (H730)

### § 2. GENERELLE FØRESEGNER

2.1. Desse føresegna kjem i tillegg til Plan- og bygningslova, og gjeldande vedtekter i Bokn kommune.

2.2. Etter at desse føresegner er gjort gjeldande, er det ikkje høve til å inngå privatrettslege avtalar som strir mot føresegner i planen.

2.3. Det kan vere uregistrerte fornminne i planområdet. Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram automatisk freda kulturminne som til dømes gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar, må dette straks meldast til Rogaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningsstyremakt har vurdert funnet, jf. Kulturminnelova § 8, 2.ledd.

2.4. Tiltak som fell under *havne- og farvannsloven* sine bestemmelser skal godkjennast av hamnemynde (Karmsund Havnevesen).

2.5. Der skjering eller mur vert høgare enn 1,5 meter, skal det sikrast med gjerde. Det skal leggast til rette for etablering og vekst av naturleg vegetasjon i skråningar/skjeringar.

2.6. Tiltak skal prosjekterast og utførast slik at byggverk, byggegrunn og tilstøytande terreng ikkje vert utsett for fare, skade eller vesentleg ulempe som følgje av tiltaket.

2.7. Prinsipp for universell tilrettelegging bør leggjast til grunn så langt det let seg gjera ved vidare detaljering av bygningar og anlegg, ved opparbeiding av tilkomst til bygningar og etablering av turveg.

2.8. Innanfor planområdet er det høve til å etablera kommunaltekniske og andre tekniske anlegg, så som t.d. trafo, kabelskap, pumpestasjonar. Tekniske anlegg i bakken skal dekkast til, men kan ikkje byggast over med anlegg og bygningar som gjer vedlikehald o.l. vanskeleg.

## § 3. BYGNINGAR OG ANLEGG

### 3.1. Felles føresegner for bygningar og anlegg

3.1.1. Bygningar og anlegg skal gjevast ei tiltalande utforming med omsyn til materialbruk og fargeval. All utbygging skal tilpassast og harmonerast med eksisterande utbyggingsstruktur.

3.1.2. Maks byggehøgde for bygningar skal målast frå gjennomsnittleg terreng ved veggliv til gesims- eller mønehøgde. Høgde på naust skal målast frå ferdig golv i naustet.

3.1.3. Garasje/carportar og utebod (frittliggjande og/ eller sambundne med bueiningar) kan førast opp inntil 2m frå kjøreveg/veg/turveg og inntil 1m frå nabogrense dersom det er sikra fri sone på 5m lengd på eigen grunn ved innkjøring til garasje/ carport. Brannsikring må gjennomførast i tråd med krav nedfelt i TEK10.

Garasje skal ha tilsvarande takutforming som bustadhuset.

3.1.4. Krav til MUA- uteopphaldsareal:
Frittliggjande einebustader: minimum 100 $m^2$ MUA per eining.
Arealet skal fortrinnsvis liggje på bakkenivå, og skal ikkje vera overbygd.

3.1.5. Byggegrense mot sjø og veg er synt i plankartet. For naustområda er byggegrensa mot sjø sett i føremålsgrensa.

### 3.2. Bustader

3.2.1. I område B1 – B4 kan det tillatast etablering av bustadar med maks BYA=30%. Maks mønehøgde er 7,5 m, og maks gesimshøgde er 6,5 m.

Det er sett krav om minimum 2 parkeringsplassar per einebustad på eigen grunn. Minimum 1 biloppstillingsplass skal vere utan overbygnad. Bilar må kunne snu på eigen grunn.

Små, interne stiar skal ikkje brytast ved ny utbygging.

Innanfor delområde B2 skal nye bygg estetisk ikkje skjemme automatisk freda kulturminne i området.

### 3.3. Fritidsbusetnad - frittliggjande

I området kan det tillatast bygging av fritidsbustad med maks BYA = 75 $m^2$. Byggegrense mot sjø er synt i plankartet. Maks mønehøgde: 6 m. Maks gesimshøgde: 5 m.

### 3.4. Anna typar bygningar og anlegg; Naust

3.4.1. Naust er uthus og skal nyttast for oppbevaring av reiskapar og utstyr tilknytt båt- og sjølivet. Nausta skal ikkje nyttast til varig opphald, og skal ikkje omdisponerast eller nyttast som fritidsbustad eller bustad.

Naust bør oppførast som separate einingar, men unntaksvis kan inntil 3 naust byggjast saman. Ved etablering av fleire naust innanfor same område skal det tilstrebast variasjon i breidde, høgde, farge- og materialbruk.

Nausttomtene skal ikkje gjerdast inne, og det skal vera allmenn tilkomst/tilgang ved nausta.

3.4.2. For naustområda N1-4 og N6-16 gjeld følgjande føresegner:
Det kan byggjast nye naust eller ny sjøbod med maksimalt BYA = 40 $m^2$.
Maksimal mønehøgde i fasade til sjø er sett til 5,0 m. Det er høve til å sette inn maksimalt eitt vindauge med maksimal storleik på karmmål 1x1 m. Taket skal ha form som saltak og takvinkel skal vera mellom 30-40 grader. I gavlen skal det vera tradisjonell avslutning med dekkbord og vindskier. Dørar skal ha sidehengsler og vera av tre. Veggane skal vera av tre eller naturstein. Taket skal tekkast med betongtakstein, tegl, skifer eller anna naturmateriale. Fargane skal tilpassast det som er tradisjonell farge på nausta elles i området. Bygga skal utformast i tråd med tradisjonell byggeskikk. Nye naust bør ikkje etablerast lågare enn kote +2,0 o.k. golv 1. etasje.

Nye naust er synt i plankartet med omriss. Plasseringa kan fråvikast i byggesøknad.

Følgjande eksisterande naust og nye naust kan oppførast innanfor naustområda:

| ID | Eksisterande | Maksimalt oppførast nye naust |
|---|---|---|
| N1 | 1 | 2 nye naust, eitt på kvar av gnr. 9, bnr. 5 og 148. |
| N2 | 4 | 1 nytt naust på gnr. 9, bnr. 141. |
| N3 | 0 | 1 nytt naust på gnr. 11, bnr. 80. |
| N4 | 1 | 1 nytt naust på gnr. 11, bnr. 20. |
| N6 | 2 | |
| N7 | 0 | 1 nytt naust på gnr. 11, bnr. 12. |
| N8 | 1 | |
| N9 | 2 | 3 nye naust, eit naust på gnr. 11, bnr. 57 og to nye på gnr. 11, bnr. 143 (eine spesifisert til framtidig frådelt eigedom frå 11/143). |
| N10 | 4 | 1 nye naust på gnr. 11, bnr. 85 |
| N11 | 2 | 1 nytt naust på gnr.11, bnr. 266, og 2 nye på gnr. 11/63. |
| N12 | 1 | 3 nye naust, eitt på kvar av gnr. 11, bnr. 5, 59 og 275 |
| N13 | 1 | 1 nytt naust på gnr. 11, bnr. 39 |
| N14 | 1 | |
| N15 | 0 | 1 nytt naust på gnr. 11, bnr. 227. |
| N16 | 1 | 1 nytt naust eller 1 sjøbod med utleige bodar på gnr. 11, bnr. 256 og 1 nytt naust på gnr. 11/3. |

Endring og oppgradering av eksisterande naust er tillat innanfor rammene sett i 3.4.2, 1. ledd.

Nye og eksisterande naust som ikkje har vegtilkomst i dag skal ikkje ha kjøreveg eller parkering ved naustet.

3.4.3. For naustområde N5 gjelder følgjande føresegner:
Innanfor området kan det byggjast eit sjøhus med maksimal BYA= 150 $m^2$.
Maks mønehøgde i fasade til sjø er sett til 9 m. Taket skal ha form som saltak og takvinkel skal vera mellom 30-40 grader. I gavlen skal det vera tradisjonell avslutning med dekkbord og vindskier. Dører skal ha sidehengsel og vera i tre. Veggane skal vera av tre eller naturstein. Taket skal tekkast med betongtakstein, tegl, skifer eller anna naturmateriale. Fargane skal tilpassast det som er tradisjonell farge på nausta eller i området. Sjøhuset skal ikkje etablerast lågare enn kote +2 o.k. golv 1 etasje.

N5 har offentleg eigarstatus, og skal nyttas m.a. skular, barehagar og lokale foreiningar, som del av eit aktivitetsområde. Det kan etablerast samlingsrom, tekjøkken og toalett i sjøhuset. Området skal sjåast i samanheng med tilgrensande friområde og friluftsområde i sjø.

Det kan etablerast bryggekant som forankring til flytebrygger på formålet.

**3.5. Småbåtanlegg i sjø - SA**

3.5.1. I SA4 utanfor N5 er det tillatt å etablere flytebrygger. Det er ikkje tillatt å etablere molo eller utfylling i sjø.

3.5.2. Eksisterande molo er regulert til småbåtanlegg (SA).
Naturleg oppgradering og reperasjonar etter skader på eksisterande konstruksjonar er tillat innanfor føremålet.
Eksisterande molo ved SA7 og SA8 kan endrast i samsvar med plankart.

3.5.3. Innanfor SA14 kan det etablerast ny molo for å skape trygg hamn.
Moloen skal ikkje vera større enn nødvendig og konstruksjonen skal ikkje beslaglegge unødig sjøareal. Flytande bølgjedemparar er ikkje tillat.

3.5.4. Der forholda ligg til rette for det, bør det i all hovudsak etablerast felles løysningar for fleire eigedommar/naust. Det kan etablerast flytebrygger innanfor molokonstruksjon.
Lengda på konstruksjonen over kote 0 og opp er avgrensa med føremålslinje. Fyllingsfoten bør ikkje gå djupare enn kote -5. Fyllingsfoten kan gå utover føremålslinja og inn på tilgrensande føremål dersom djupnetilhøva tilsei det, jf. § 7.1 ferdsel. Nye tiltak i sjø skal godkjennast av Karmsund Havnevesen.

Innsida av molo bør etablerast med mur for å gi størst mogleg hamneområde. Den delen av moloen som vender ut i farleia bør etablerast som fylling med plastring. Materiale skal i all hovudsak vera av naturmateriale. Toppdekke på molo kan vera av betong for å styrke konstruksjonen. Det er ikkje tillat å nytte «skrap/ attvinningsmateriale» i konstruksjonen.

For å sikre djupne og breidde på innløpet, skal avslutninga på moloen ved innløpet etablerast som mur. Molokonstruksjon mot nabogrense skal i hovudsak vera ei murløysning for ikkje å gå inn på naboeigedom.

Hellingsvinkel på fyllinga skal vera ca. 1:1,3. Hellingsvinkel på mur bør vera ca. 5:1. Breidda på topp molo bør ikkje overstige 3 meter. Det er ikkje tillat å opne for tilkomst på molo for kjøretøy.

3.5.5. I byggesøknad for molo skal snitt og planløysning leggast ved. Mindre justeringar og tilpassingar kan tillatast utover føremålet ved uventa tilhøve som til dømes grunntilhøve og djupne. Byggesøknad må dokumentere behov for dette, og søknaden kan tillatast dersom det er føremålstenleg og forsvarleg byggteknisk. Alle tiltak i sjø skal godkjennast av Karmsund Havnevesen.

## § 4. SAMFERDSLE ANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

**4.1. Veg**

Eksisterande offentleg vegnett er regulert som veg. Deler av kommunal vegnett skal nyttast av allmenta som del av nytt turvegsystem. Eigarstatus på veg er offentleg.

**4.2. Kjøreveg**

Eksisterande tilkomstvegar på privat grunn er regulert som kjøreveg. Kjørevegane skal framleis vera i privat eige, men delar av kjørevegane skal kunne nyttast av allmenta som del av turvegsystemet.

Ansvaret for vedlikehald kviler på eigar, med mindre anna er avtalt.

**4.3. Anna veggrunn - teknisk anlegg**

Grøfter og teknisk infrastruktur til eksisisterande veg (o_veg) og planlagt VA-leidningar er gitt dette føremålet.

**4.4. Parkeringsplassar**

Det er avsett areal til parkering i samband med friområdet. Det skal etablerast parkeringsplassar, oppstilling av boss-spann og anna installasjonar som er naudsynte i samband med bruk og aktivitet på tilgrensande friområde. Eigarstatus er offentleg.

## § 5. GRØNSTRUKTUR

**5.1. Grønstruktur**

Områda skal ikkje opparbeidast, og områda sitt særpreg som naturområde/kulturmark skal i størst mogleg grad takast vare på.
Innanfor områda som ligg knytt til turvegen og kulturminne er det tillat med enkel tilrettelegging av spreidde benkar, informasjonstavler og tilsvarande. Skjøtsel i form av beiting, slåing eller sviing er tillete innanfor føremålet, så lenge det ikkje er i konflikt med bruken av området.
Det er opna for at fyllingsskråning i samband med turvegføremålet kan gå inn på føremålet, jf. § 5.2.1.

**5.2. Turveg**

5.2.1. Innanfor områda skal det etablerast turveg med grusdekke i 2m breidde og 0,5 m skulder. Turvegen skal ikkje nyttast som kjøreveg, men maskinelt vedlikehald og nyttetransport til og frå naust som ikkje har annan vegtilkomst er tillat.

Turvegen skal i hovudsak etablerast med maksimal stigning på 1:10. Innanfor føremålet er det høve til å heve eller senke terrenget for å lette stigningstilhøva. Mindre justeringar/endringar i horisontal- og vertikalplanet kan tillatast når detaljplanlegginga gjer dette føremålstenleg og forsvarleg. Fyllingsskråning kan gå utover føremålslinja og inn på tilgrensande føremål, jf. § 5.1.

5.2.2. Der turvegen går ved/tett på område regulert til omsynssone H730_1-4 skal turvegen i heilskap leggast på duk oppå eksisterande terreng, og det er ikkje høve til å gjera terrenginngrep utan at dette på førehand er avklart med kulturminnemynde. Der turvegen går inn i automatisk freda kulturminne skal det søkast om dispensasjon frå Lov om kulturminne §8.4.

5.2.3. I grensa mot landbruksområde, vest for planområdet, er det høve til å sette opp einsidig gjerde på vestsida av turvegen for å skilje turgåarar og beitande dyr.

Langs turvegen kan det etablerast lysmaster for lyssetting. På strekning forbi H730_1-4 skal plassering av lysmaster leggast fram for kulturminnemynde for godkjenning.

**5.3. Friområde**

Innanfor området kan det opparbeidast fotballbane, sandvolleyballbane, bord/benker, og andre tiltak i tråd med føremålet. Arealet er kommunalt.

## § 6. LANDBRUK-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE (LNF)

**6.1. LNF**

Areal regulert til landbruk skal nyttast til landbruksdrift. Innanfor arealet kan det berre etablerast stadbundne, naudsynte tiltak for landbruk og gardstilknytta næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag.

## § 7. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

**7.1. Ferdsel**

Dette arealet omfattar sjøområder utanfor byggeføremåla.

I området er det høve til å føre fram kablar/røyr for vatn og avløp. Det skal skje i samråd med fagmynde.

Det er opna for at fyllingsfot, i samband med molokonstruksjonar innanfor føremålet småbåtanlegg, kan gå inn over føremålet, jf. § 3.5. Dette må særskilt godkjennast av hamnemynde.

7.1.1. Ved naustområde der det ikkje er avsett areal til småbåtanlegg kan det søkast om dispensasjon for etablering av ny molo. Utforming og storleik skal vurderast i kvar enkelt sak. Føringar gitt i §§ 3.5.4 og 3.5.5 gjeld for nye tiltak.

**7.2. Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone**

Friluftsområdet er tilknytt eksisterande molo og badestrand. Området skal være tilgjengelig for allmenn bruk og opphald. Skjøtsel i form av beiting, slåing eller sviing er tilltatt innanfor føremålet, så lenge det ikkje er i konflikt med bruken av området.

Innanfor områda er det tillat med enkel tilrettelegging av tiltak, som bord og benker, samt vedlikehald av sandstrand. Reperasjon og vedlikehald av eksisterande molo og veg er tillat. Arealet er kommunalt.

## § 8. OMSYNSSONE

**8.1. Faresone og sikringssone langs gassleidning (H190 og H350)**

8.1.1. Innanfor fareområde H350 gjeld følgjande føresegner (inntil 26m frå trase for gassrøyrleidning):
Det kan etablerast bygningar som er naudsynte for drift av gassleidningen.

Det er ikkje høve til å drive næring som fell utanfor vanleg jord- og skogbruk.

Utan førehandssamtykke frå Statoil eller Gassco er det ikkje høve til å gjera opp ope eld, grave, bore eller sprenge, eller endre terrenget over grøftetraseen slik at leidningen får mangelfull dekning eller vert liggjande uforholdsmessig djupt.

Alle tiltak etter plan- og bygningslova, som røyrer sikringssona på land eller i vatn, skal leggjast fram for Statoil til uttale. Før det vert etablert eller utviding av molo der skråningsutslaget på botn nærmar seg eller røyrer sikringssona, skal det leggjast fram prosjektskildringar og prosjekteringsteikninger for kommunen og Statoil til godkjenning.

8.1.2. Innanfor sikringssone H190 gjeld følgjande føresegner (inntil 200m frå trase for gassrøyrleidning):
Det er forbod mot å utføre grunnarbeid som kan skade røyrleidning eller tunnellar. Ved aktivitet i nærområdet til sikringssone skal ein forsikre seg om at aktiviteten ikkje kan komme i konflikt med sikringssona under bakkenivå. Bruk av gravemaskinar eller liknande som kan skade røyrleidningen er ikkje tillat utan samtykke frå Statoil eller Gassco.

**8.2. Støysoner (H210 og H220)**

Gul støysone er synt i plankartet med påskrift H220. Raud støysone er synt i plankartet med påskrift H210.

Det er ikkje tillat med nye bygg med varig opphald innanfor rød støysone.

Byggjemelding av nye tiltak med varig personopphald innanfor gul støysone må dokumentere tiltak slik at innandørs- og utandørs støynivå, vert i tråd med gjeldande forskrift, i dag T-1442.

**8.3. Omsynssone: Bevaring kulturmiljø (H570)**

I området der ein planlegg nyetablering av turveg, er dette tillate ved at ein legg grus på duk. Eventuelle tiltak i området, som oppsetjing av lysmaster, gjerde, benkar samt grøfting og drenering må på førehand avklarast med kulturminnemyndigheitene, jf. skjemming. Det vert

forutsett at eventuelle tiltak/installasjonar i området skal vere godt tilpassa landskapet og vere av moderate dimensjonar av omsyn til nærliggjande automatisk freda kulturminne.
For området H570 gjeld at alle fysiske tiltak i form av tiltak over markoverflata skal inn til kulturminnemyndigheitene for vurdering. Vanleg vedlikehald og skjøtsel er tillate.

**8.4. Omsynssone: Bandlegging etter lov om kulturminne (H730)**
Innanfor omsynssone for bandlegging etter Lov om kulturminne finst det fire automatisk freda kulturminne med ID 4807, 213690, 53603 og 213996. Det er ikkje tillate å setje i gang tiltak som kan skade, øydelegge eller utilbørleg skjemme kulturminna eller foreta nokon form for fysiske inngrep i området, jf. Lov om kulturminne §§ 3 og 8. Eventuelle tiltak innanfor området må på førehand avklarast med kulturminnemyndigheitene. Fortrinnsvis bør slike tiltak fremjast i form av ei reguleringsendring.
For eigedom med gnr. 11 bnr. 18 gjeld at det er tillate med vanleg vedlikehald og skjøtsel av hus og hage, men at ein ikkje gjer inngrep under dagens matjordlag.

**§ 9. REKKEFØLGJEKRAV**

9.1. For nye bustader innanfor gul støysone skal støytiltak vera utgreia og planlagt ved søknad om tiltak. Dokumentasjon på tilfredstillande støytilhøve i samsvar med krav ved nybygg i gul støysone skal føreliggja før det vert gitt bruksløyve/ferdigattest.

9.2. Det skal utarbeidast detaljerte planar for turvegen. Der turvegen går ved omsynssone H570 og H730 skal planane godkjennast av kulturminnemynde før det vert gitt igangsettingsløyve.

9.3. Det skal utarbeidast situasjonsplan for opparbeiding av kommunalt friområde og naustområde N5.

Stord, 23.09.2013
Rev. 11.06.2014
Rev. 11.09.2015
Rev. 20.09.2015 (politisk møte)
Rev. 07.12.2015



## Teiknforklaring

### Reguleringsplan PBL 2008

**§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg**

- B — Bustader
- FF — Fritidsbusetnad-frittliggjande
- SA — Småbåtanlegg i sjø og vassdrag
- N — Uthus/naust/badehus

**§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur**

- V — Veg
- KV — Køyreveg
- Annan veggrunn – teknisk anlegg
- Parkeringsplassar

**§12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur**

- Grøntstruktur
- T — Turveg
- Friområde

**§12-5. Nr. 5 – Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift**

- LNFR

**§12-5. Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone**

- Ferdsel
- Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

**§12-6 - Omsynssoner**

- H140 — Frisikt
- H190 — Andre sikringssoner
- H210 — Raud sone etter rundskriv T-1442
- H220 — Gul sone etter rundskriv T-1442
- H350 — Brann-/eksplosjonsfare
- H570 — Bevaring kulturmiljø
- Båndlegging etter lov om kulturminne

**Linjesymbol**

- RpGrense
- RpFormålGrense
- RpSikringGrense
- RpStøyGrense
- RpFareGrense
- RpAngittHensynGrense
- RpBåndleggingGrense
- Byggegrense
- Planlagt bebyggelse
- Bebyggelse som inngår i planen
- Frisiktlinje

**Kartopplysningar**

Kjelde for basiskart: Bøkn kommune
Dato for basiskart: 20.02.2013
Koordinatsystem: UTM sone 32 basert på EUREF89/WGS84
Høgdegrunnlag: NN1954

Ekvidistanse 1 m
Kartmålestokk. 1:1500 (A1)

N

**Detaljregulering**

# Turveg mellom Alvestad og Føresvik

Med tilhøyrande føresegner

Bøkn kommune

Arealplan-ID.
Forslag

Forslagstillar:
Bøkn kommune

| SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA | | SAKS-NR. | DATO | SIGN. |
|---|---|---|---|---|
| Dato | Revisjon | | | |
| Dato 11.09.2015 | Revisjon Endring av H730, H570 og T3 og T4 | | | NS |
| Dato 11.06.2014 | Revisjon Endring av utforming av føremål som B, SA og N | | | BEN |
| Kommunestyret sitt vedtak | | | | |
| Ny 2. gongs handsaming | | | | |
| Offentleg ettersyn frå ........ til ........ | | | | |
| 2. gongs handsaming | | | 20.09.15 | |
| Offentleg ettersyn frå 11.11.2013 til 31.12.2013 | | | | |
| 1. gongs behandling | | | 15.10.13 | |
| Kunngjering av oppstart av planarbeid | | | 30.11.11 | |

| PLANEN ER UTARBEIDD AV: akvator | TEIKNNR. | DATO | SIGN. |
|---|---|---|---|
| | 1245-P-02 | 23.09.2013 | NS |

Det stadfestas at planen er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak

## Bokn kommune

## Detaljregulering for turveg mellom Alvestad og Føresvik, Bokn kommune

### § 1. REGULERINGSFØREMÅL

1.1. Det regulerte området er vist på plankartet datert 23.09.2013, revidert 20.09.2015

1.2. Arealet innanfor plangrensa er regulert til følgjande føremål:

BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL § 12-5, 2.ledd nr. 1)
- Bustader
- Fritidsbusetnad - frittliggjande
- Småbåtanlegg i sjø
- Uthus/ naust/ badehus

SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5, 2. ledd nr. 2)
- Veg
- Kjøreveg
- Annan veggrunn - teknisk anlegg
- Parkeringsplassar

GRØNSTRUKTUR (PBL § 12-5, 2.ledd nr.3)
- Grønstruktur
- Turveg
- Friområde

LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL (PBL § 12-5, 2. ledd nr. 5)
- Landbruks-, natur- og friluftsføremål (LNF)

BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (PBL § 12-5, 2. ledd nr. 6)
- Ferdsel
- Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

OMSYNSSONE (PBL § 12-6, 1. ledd)
- Andre sikringssoner, H190
- Rød støysone, H210
- Gul støysone, H220
- Brann-/eksplosjonsfare, H350
- Omsynssone: bevaring kulturmiljø, H570
- Omsynssone: Bandlegging etter lov om kulturminne (H730)

### § 2. GENERELLE FØRESEGNER

2.1. Desse føresegna kjem i tillegg til Plan- og bygningslova, og gjeldande vedtekter i Bokn kommune.

2.2. Etter at desse føresegner er gjort gjeldande, er det ikkje høve til å inngå privatrettslege avtalar som strir mot føresegner i planen.

2.3. Det kan vere uregistrerte fornminne i planområdet. Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram automatisk freda kulturminne som til dømes gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar, må dette straks meldast til Rogaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningsstyremakt har vurdert funnet, jf. Kulturminnelova § 8, 2.ledd.

2.4. Tiltak som fell under *havne- og farvannsloven* sine bestemmelser skal godkjennast av hamnemynde (Karmsund Havnevesen).

2.5. Der skjering eller mur vert høgare enn 1,5 meter, skal det sikrast med gjerde. Det skal leggast til rette for etablering og vekst av naturleg vegetasjon i skråningar/skjeringar.

2.6. Tiltak skal prosjekterast og utførast slik at byggverk, byggegrunn og tilstøytande terreng ikkje vert utsett for fare, skade eller vesentleg ulempe som følgje av tiltaket.

2.7. Prinsipp for universell tilrettelegging bør leggjast til grunn så langt det let seg gjera ved vidare detaljering av bygningar og anlegg, ved opparbeiding av tilkomst til bygningar og etablering av turveg.

2.8. Innanfor planområdet er det høve til å etablera kommunaltekniske og andre tekniske anlegg, så som t.d. trafo, kabelskap, pumpestasjonar. Tekniske anlegg i bakken skal dekkast til, men kan ikkje byggast over med anlegg og bygningar som gjer vedlikehald o.l. vanskeleg.

## § 3. BYGNINGAR OG ANLEGG

### 3.1. Felles føresegner for bygningar og anlegg

3.1.1. Bygningar og anlegg skal gjevast ei tiltalande utforming med omsyn til materialbruk og fargeval. All utbygging skal tilpassast og harmonerast med eksisterande utbyggingsstruktur.

3.1.2. Maks byggehøgde for bygningar skal målast frå gjennomsnittleg terreng ved veggliv til gesims- eller mønehøgde. Høgde på naust skal målast frå ferdig golv i naustet.

3.1.3. Garasje/carportar og utebod (frittliggjande og/ eller sambundne med bueiningar) kan førast opp inntil 2m frå kjøreveg/veg/turveg og inntil 1m frå nabogrense dersom det er sikra fri sone på 5m lengd på eigen grunn ved innkjøring til garasje/ carport. Brannsikring må gjennomførast i tråd med krav nedfelt i TEK10.

Garasje skal ha tilsvarande takutforming som bustadhuset.

3.1.4. Krav til MUA- uteopphaldsareal:
Frittliggjande einebustader: minimum 100 $m^2$ MUA per eining.
Arealet skal fortrinnsvis liggje på bakkenivå, og skal ikkje vera overbygd.

3.1.5. Byggegrense mot sjø og veg er synt i plankartet. For naustområda er byggegrensa mot sjø sett i føremålsgrensa.

### 3.2. Bustader

3.2.1. I område B1 - B4 kan det tillatast etablering av bustadar med maks BYA=30%. Maks mønehøgde er 7,5 m, og maks gesimshøgde er 6,5 m.

Det er sett krav om minimum 2 parkeringsplassar per einebustad på eigen grunn. Minimum 1 biloppstillingsplass skal vere utan overbygnad. Bilar må kunne snu på eigen grunn.

Små, interne stiar skal ikkje brytast ved ny utbygging.

Innanfor delområde B2 skal nye bygg estetisk ikkje skjemme automatisk freda kulturminne i området.

### 3.3. Fritidsbusetnad - frittliggjande

I området kan det tillatast bygging av fritidsbustad med maks BYA = 75 $m^2$. Byggegrense mot sjø er synt i plankartet. Maks mønehøgde: 6 m. Maks gesimshøgde: 5 m.

### 3.4. Anna typar bygningar og anlegg; Naust

3.4.1. Naust er uthus og skal nyttast for oppbevaring av reiskapar og utstyr tilknytt båt- og sjølivet. Nausta skal ikkje nyttast til varig opphald, og skal ikkje omdisponerast eller nyttast som fritidsbustad eller bustad.

Naust bør oppførast som separate einingar, men unntaksvis kan inntil 3 naust byggjast saman. Ved etablering av fleire naust innanfor same område skal det tilstrebast variasjon i breidde, høgde, farge- og materialbruk.

Nausttomtene skal ikkje gjerdast inne, og det skal vera allmenn tilkomst/tilgang ved nausta.

3.4.2. For naustområda N1-4 og N6-16 gjeld følgjande føresegner:
Det kan byggjast nye naust eller ny sjøbod med maksimalt BYA = 40 $m^2$.
Maksimal mønehøgde i fasade til sjø er sett til 5,0 m. Det er høve til å sette inn maksimalt eitt vindauge med maksimal storleik på karmmål 1x1 m. Taket skal ha form som saltak og takvinkel skal vera mellom 30-40 grader. I gavlen skal det vera tradisjonell avslutning med dekkbord og vindskier. Dørar skal ha sidehengsler og vera av tre. Veggane skal vera av tre eller naturstein. Taket skal tekkast med betongtakstein, tegl, skifer eller anna naturmateriale. Fargane skal tilpassast det som er tradisjonell farge på nausta elles i området. Bygga skal utformast i tråd med tradisjonell byggeskikk. Nye naust bør ikkje etablerast lågare enn kote +1,5 o.k. golv 1. etasje.

Nye naust er synt i plankartet med omriss. Plasseringa kan fråvikast i byggesøknad.

Følgjande eksisterande naust og nye naust kan oppførast innanfor naustområda:

| ID | Eksisterande | Maksimalt oppførast nye naust |
|---|---|---|
| N1 | 1 | 2 nye naust, eitt på kvar av gnr. 9, bnr. 5 og 148. |
| N2 | 4 | 1 nytt naust på gnr. 9, bnr. 141. |
| N3 | 0 | 1 nytt naust på gnr. 11, bnr. 80. |
| N4 | 1 | 1 nytt naust på gnr. 11, bnr. 20. |
| N6 | 2 | |
| N7 | 0 | 1 nytt naust på gnr. 11, bnr. 12. |
| N8 | 1 | |
| N9 | 2 | 3 nye naust, eit naust på gnr. 11, bnr. 57 og to nye på gnr. 11, bnr. 143 (eine spesifisert til framtidig frådelt eigedom frå 11/143). |
| N10 | 4 | 1 nye naust på gnr. 11, bnr. 85 |
| N11 | 2 | 1 nytt naust på gnr.11, bnr. 266, og 2 nye på gnr. 11/63. |
| N12 | 1 | 3 nye naust, eitt på kvar av gnr. 11, bnr. 5, 59 og 275 |
| N13 | 1 | 1 nytt naust på gnr. 11, bnr. 39 |
| N14 | 1 | |
| N15 | 0 | 1 nytt naust på gnr. 11, bnr. 227. |
| N16 | 1 | 1 nytt naust eller 1 sjøbod med utleige bodar på gnr. 11, bnr. 256 og 1 nytt naust på gnr. 11/3. |

Endring og oppgradering av eksisterande naust er tillat innanfor rammene sett i 3.4.2, 1. ledd.

Nye og eksisterande naust som ikkje har vegtilkomst i dag skal ikkje ha kjøreveg eller parkering ved naustet.

3.4.3. For naustområde N5 gjelder følgjande føresegner:
Innanfor området kan det byggjast eit sjøhus med maksimal BYA= 150 $m^2$.
Maks mønehøgde i fasade til sjø er sett til 9 m. Taket skal ha form som saltak og takvinkel skal vera mellom 30-40 grader. I gavlen skal det vera tradisjonell avslutning med dekkbord og vindskier. Dører skal ha sidehengsel og vera i tre. Veggane skal vera av tre eller naturstein. Taket skal tekkast med betongtakstein, tegl, skifer eller anna naturmateriale. Fargane skal tilpassast det som er tradisjonell farge på nausta eller i området. Sjøhuset skal ikkje etablerast lågare enn kote +2 o.k. golv 1 etasje.

N5 har offentleg eigarstatus, og skal nyttas m.a. skular, barehagar og lokale foreiningar, som del av eit aktivitetsområde. Det kan etablerast samlingsrom, tekjøkken og toalett i sjøhuset. Området skal sjåast i samanheng med tilgrensande friområde og friluftsområde i sjø.

Det kan etablerast bryggekant som forankring til flytebrygger på formålet.

### 3.5. Småbåtanlegg i sjø - SA

3.5.1. I SA4 utanfor N5 er det tillatt å etablere flytebrygger. Det er ikkje tillatt å etablere molo eller utfylling i sjø.

3.5.2. Eksisterande molo er regulert til småbåtanlegg (SA).
Naturleg oppgradering og reperasjonar etter skader på eksisterande konstruksjonar er tillat innanfor føremålet.
Eksisterande molo ved SA7 og SA8 kan endrast i samsvar med plankart.

3.5.3. Innanfor SA14 kan det etablerast ny molo for å skape trygg hamn.
Moloen skal ikkje vera større enn nødvendig og konstruksjonen skal ikkje beslaglegge unødig sjøareal. Flytande bølgjedemparar er ikkje tillat.

3.5.4. Der forholda ligg til rette for det, bør det i all hovudsak etablerast felles løysningar for fleire eigedommar/naust. Det kan etablerast flytebrygger innanfor molokonstruksjon.
Lengda på konstruksjonen over kote 0 og opp er avgrensa med føremålslinje. Fyllingsfoten bør ikkje gå djupare enn kote -5. Fyllingsfoten kan gå utover føremålslinja og inn på tilgrensande føremål dersom djupnetilhøva tilsei det, jf. § 7.1 ferdsel. Nye tiltak i sjø skal godkjennast av Karmsund Havnevesen.

Innsida av molo bør etablerast med mur for å gi størst mogleg hamneområde. Den delen av moloen som vender ut i farleia bør etablerast som fylling med plastring. Materiale skal i all hovudsak vera av naturmateriale. Toppdekke på molo kan vera av betong for å styrke konstruksjonen. Det er ikkje tillat å nytte «skrap/ attvinningsmateriale» i konstruksjonen.

For å sikre djupne og breidde på innløpet, skal avslutninga på moloen ved innløpet etablerast som mur. Molokonstruksjon mot nabogrense skal i hovudsak vera ei murløysning for ikkje å gå inn på naboeigedom.

Hellingsvinkel på fyllinga skal vera ca. 1:1,3. Hellingsvinkel på mur bør vera ca. 5:1. Breidda på topp molo bør ikkje overstige 3 meter. Det er ikkje tillat å opne for tilkomst på molo for kjøretøy.

3.5.5. I byggesøknad for molo skal snitt og planløysning leggast ved. Mindre justeringar og tilpassingar kan tillatast utover føremålet ved uventa tilhøve som til dømes grunntilhøve og djupne. Byggesøknad må dokumentere behov for dette, og søknaden kan tillatast dersom det er føremålstenleg og forsvarleg byggteknisk. Alle tiltak i sjø skal godkjennast av Karmsund Havnevesen.

## § 4. SAMFERDSLE ANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

### 4.1. Veg

Eksisterande offentleg vegnett er regulert som veg. Deler av kommunal vegnett skal nyttast av allmenta som del av nytt turvegsystem. Eigarstatus på veg er offentleg.

### 4.2. Kjøreveg

Eksisterande tilkomstvegar på privat grunn er regulert som kjøreveg. Kjørevegane skal framleis vera i privat eige, men delar av kjørevegane skal kunne nyttast av allmenta som del av turvegsystemet.

Ansvaret for vedlikehald kviler på eigar, med mindre anna er avtalt.

**4.3. Anna veggrunn - teknisk anlegg**

Grøfter og teknisk infrastruktur til eksisisterande veg (o_veg) og planlagt VA-leidningar er gitt dette føremålet.

**4.4. Parkeringsplassar**

Det er avsett areal til parkering i samband med friområdet. Det skal etablerast parkeringsplassar, oppstilling av boss-spann og anna installasjonar som er naudsynte i samband med bruk og aktivitet på tilgrensande friområde. Eigarstatus er offentleg.

## § 5. GRØNSTRUKTUR

**5.1. Grønstruktur**

Områda skal ikkje opparbeidast, og områda sitt særpreg som naturområde/kulturmark skal i størst mogleg grad takast vare på.

Innanfor områda som ligg knytt til turvegen og kulturminne er det tillat med enkel tilrettelegging av spreidde benkar, informasjonstavler og tilsvarande. Skjøtsel i form av beiting, slåing eller sviing er tillete innanfor føremålet, så lenge det ikkje er i konflikt med bruken av området.

Det er opna for at fyllingsskråning i samband med turvegføremålet kan gå inn på føremålet, jf. § 5.2.1.

**5.2. Turveg**

5.2.1. Innanfor områda skal det etablerast turveg med grusdekke i 2m breidde og 0,5 m skulder. Turvegen skal ikkje nyttast som kjøreveg, men maskinelt vedlikehald og nyttetransport til og frå naust som ikkje har annan vegtilkomst er tillat.

Turvegen skal i hovudsak etablerast med maksimal stigning på 1:10. Innanfor føremålet er det høve til å heve eller senke terrenget for å lette stigningstilhøva. Mindre justeringar/endringar i horisontal- og vertikalplanet kan tillatast når detaljplanlegginga gjer dette føremålstenleg og forsvarleg. Fyllingsskråning kan gå utover føremålslinja og inn på tilgrensande føremål, jf. § 5.1.

5.2.2. Der turvegen går ved/tett på område regulert til omsynssone H730_1-4 skal turvegen i heilskap leggast på duk oppå eksisterande terreng, og det er ikkje høve til å gjera terrenginngrep utan at dette på førehand er avklart med kulturminnemynde. Der turvegen går inn i automatisk freda kulturminne skal det søkast om dispensasjon frå Lov om kulturminne §8.4.

5.2.3. I grensa mot landbruksområde, vest for planområdet, er det høve til å sette opp einsidig gjerde på vestsida av turvegen for å skilje turgåarar og beitande dyr.

Langs turvegen kan det etablerast lysmaster for lyssetting. På strekning forbi H730_1-4 skal plassering av lysmaster leggast fram for kulturminnemynde for godkjenning.

**5.3. Friområde**

Innanfor området kan det opparbeidast fotballbane, sandvolleyballbane, bord/benker, og andre tiltak i tråd med føremålet. Arealet er kommunalt.

## § 6. LANDBRUK-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE (LNF)

**6.1. LNF**

Areal regulert til landbruk skal nyttast til landbruksdrift. Innanfor arealet kan det berre etablerast stadbundne, naudsynte tiltak for landbruk og gardstilknytta næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag.

## § 7. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

**7.1. Ferdsel**

Dette arealet omfattar sjøområder utanfor byggeføremåla.

I området er det høve til å føre fram kablar/røyr for vatn og avløp. Det skal skje i samråd med fagmynde.

Det er opna for at fyllingsfot, i samband med molokonstruksjonar innanfor føremålet småbåtanlegg, kan gå inn over føremålet, jf. § 3.5. Dette må særskilt godkjennast av hamnemynde.

7.1.1. Ved naustområde der det ikkje er avsett areal til småbåtanlegg kan det søkast om dispensasjon for etablering av ny molo. Utforming og storleik skal vurderast i kvar enkelt sak. Føringar gitt i §§ 3.5.4 og 3.5.5 gjeld for nye tiltak.

### 7.2. Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

Friluftsområdet er tilknytt eksisterande molo og badestrand. Området skal være tilgjengelig for allmenn bruk og opphald. Skjøtsel i form av beiting, slåing eller sviing er tilltatt innanfor føremålet, så lenge det ikkje er i konflikt med bruken av området.

Innanfor områda er det tillat med enkel tilrettelegging av tiltak, som bord og benker, samt vedlikehald av sandstrand. Reperasjon og vedlikehald av eksisterande molo og veg er tillat. Arealet er kommunalt.

## § 8. OMSYNSSONE

### 8.1. Faresone og sikringssone langs gassleidning (H190 og H350)

8.1.1. Innanfor fareområde H350 gjeld følgjande føresegner (inntil 26m frå trase for gassrøyrleidning):
Det kan etablerast bygningar som er naudsynte for drift av gassleidningen.

Det er ikkje høve til å drive næring som fell utanfor vanleg jord- og skogbruk.

Utan førehandssamtykke frå Statoil eller Gassco er det ikkje høve til å gjera opp ope eld, grave, bore eller sprenge, eller endre terrenget over grøftetraseen slik at leidningen får mangelfull dekning eller vert liggjande uforholdsmessig djupt.

Alle tiltak etter plan- og bygningslova, som røyrer sikringssona på land eller i vatn, skal leggjast fram for Statoil til uttale. Før det vert etablert eller utviding av molo der skråningsutslaget på botn nærmar seg eller røyrer sikringssona, skal det leggjast fram prosjektskildringar og prosjekteringsteikninger for kommunen og Statoil til godkjenning.

8.1.2. Innanfor sikringssone H190 gjeld følgjande føresegner (inntil 200m frå trase for gassrøyrleidning):
Det er forbod mot å utføre grunnarbeid som kan skade røyrleidning eller tunnellar. Ved aktivitet i nærområdet til sikringssone skal ein forsikre seg om at aktiviteten ikkje kan komme i konflikt med sikringssona under bakkenivå. Bruk av gravemaskinar eller liknande som kan skade røyrleidningen er ikkje tillat utan samtykke frå Statoil eller Gassco.

### 8.2. Støysoner (H210 og H220)

Gul støysone er synt i plankartet med påskrift H220. Raud støysone er synt i plankartet med påskrift H210.

Det er ikkje tillat med nye bygg med varig opphald innanfor rød støysone.

Byggjemelding av nye tiltak med varig personopphald innanfor gul støysone må dokumentere tiltak slik at innandørs- og utandørs støynivå, vert i tråd med gjeldande forskrift, i dag T-1442.

### 8.3. Omsynssone: Bevaring kulturmiljø (H570)

I området der ein planlegg nyetablering av turveg, er dette tillate ved at ein legg grus på duk. Eventuelle tiltak i området, som oppsetjing av lysmaster, gjerde, benkar samt grøfting og drenering må på førehand avklarast med kulturminnemyndigheitene, jf. skjemming. Det vert

forutsett at eventuelle tiltak/installasjonar i området skal vere godt tilpassa landskapet og vere av moderate dimensjonar av omsyn til nærliggjande automatisk freda kulturminne.
For området H570 gjeld at alle fysiske tiltak i form av tiltak over markoverflata skal inn til kulturminnemyndigheitene for vurdering. Vanleg vedlikehald og skjøtsel er tillate.

**8.4. Omsynssone: Bandlegging etter lov om kulturminne (H730)**
Innanfor omsynssone for bandlegging etter Lov om kulturminne finst det fire automatisk freda kulturminne med ID 4807, 213690, 53603 og 213996. Det er ikkje tillate å setje i gang tiltak som kan skade, øydelegge eller utilbørleg skjemme kulturminna eller foreta nokon form for fysiske inngrep i området, jf. Lov om kulturminne §§ 3 og 8. Eventuelle tiltak innanfor området må på førehand avklarast med kulturminnemyndigheitene. Fortrinnsvis bør slike tiltak fremjast i form av ei reguleringsendring.
For eigedom med gnr. 11 bnr. 18 gjeld at det er tillate med vanleg vedlikehald og skjøtsel av hus og hage, men at ein ikkje gjer inngrep under dagens matjordlag.

**§ 9. REKKEFØLGJEKRAV**

9.1. For nye bustader innanfor gul støysone skal støytiltak vera utgreia og planlagt ved søknad om tiltak. Dokumentasjon på tilfredstillande støytilhøve i samsvar med krav ved nybygg i gul støysone skal føreliggja før det vert gitt bruksløyve/ferdigattest.

9.2. Det skal utarbeidast detaljerte planar for turvegen. Der turvegen går ved omsynssone H570 og H730 skal planane godkjennast av kulturminnemynde før det vert gitt igangsettingsløyve.

9.3. Det skal utarbeidast situasjonsplan for opparbeiding av kommunalt friområde og naustområde N5.

Stord, 23.09.2013
Rev. 11.06.2014
Rev. 11.09.2015
Rev. 20.09.2015 (politisk møte)

FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 08.07.2015
Vår ref.: 2011/12226
Arkivnr.: 421.4

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Bokn kommune
Boknatun
5561 Bokn

BOKN KOMMUNE
Sak: 06/330-111 J.nr 15/2113
Saksansv.: BdL Saksbeh.: BdL U.Off §: -
Arkivkode: L 12 J. dato 10/7-15

**Fråsegn til reguleringsplan for turveg Føresvik - Alvestadkroken, Bokn**

Vi viser til oversending frå kommunen i saka.

I det 2. offentlege ettersynet har Bokn kommune teken inn att den samanhengande turvegen langs sjøen frå Føresvik til Alvestadkroken. Kommunen har også innarbeid konklusjonane i drøftingsmøte/synfaring mellom kommunen og Fylkesmannen frå 09.04.2014.

På vilkår av at reguleringsplanen blir vedtatt i samsvar med slik den er lagt ut til offentleg ettersyn, vil Fylkesmannen trekke si motsegn til planen. Skulle det det bli lagt inn nye byggetiltak i strandsona ved sluttbehandling av planen, vil motsegna fortsatt vere gjeldande.

Statens vegvesen har ikkje merknader til planen, jf. vedlagt fråsegn.

Med helsing

Morten Sageidet
plankoordinator

Anette Fosså
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Morten Sageidet
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 11
E-post: fmromos@fylkesmannen.no

Kopi til:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Rogaland fylkeskommune | Postboks 130 | 4001 | Stavanger |
| Statens Vegvesen, Region Vest | Askedalen 4 | 6863 | Leikanger |

Vedlegg 1:
Fråsegn frå Statens vegvesen

Statens vegvesen

Mos

MOTT
JOURNAL
02 JULI 2015
FYLKESMANNEN I

11/12226

Fylkesmannen i Rogaland
Postboks 59
4001 STAVANGER

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/innvalsnr: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| Region vest<br>Vegavdeling Rogaland | Gro Osmundsen Kyvik - | 2011/181783-013 | 06/330-106 | 29.06.2015 |

## E39 – Uttale til høyring av framlegg til reguleringsplan for turveg Føresvik - Alvestadkroken i Bokn kommune

Vi viser til brev med revidert planframlegg datert 18.06.2015.

Statens vegvesen viser til sine tidlegare uttaler i saka. Vi har ikkje nye innspel til det reviderte planframlegget.

Plan og forvaltning
Med helsing

for
Ivar Thorkildsen
Seksjonsleder

Gro O. Kyvik
Gro Osmundsen Kyvik


Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Kvaløygata 1
5537 HAUGESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

ROGALAND
FYLKESKOMMUNE

FYLKESRÅDMANNEN
Regionalplanavdelingen

Bokn kommune

5561 BOKN

13.07.2015

Deres ref.: 06/330-106

Saksbehandler: Tom Gyran
Direkte innvalg: 51 92 10 30

Saksnr. 15/1118-13
Løpenr. 47354/15
Arkivnr. FR-RB BOK Alvstad-

Føresvik strand

**SVAR - BOKN KOMMUNE - HØYRING AV FRAMLEGG TIL REGULERINGSPLAN FOR TURVEG FØRESVIK - ALVESTADKROKEN**

Vi viser til ovennevnte sak som er sendt fylkeskommunen til uttalelse.

Fylkesutvalget behandlet forslag til reguleringsplan for strandområdet Alvestad mot Føresvik i sitt møte 14.04.2015. Utvalget fremmet innsigelse til planen «da denne ikke i tilstrekkelig grad ivaretar allmennhetens interesser for ferdsel i strandsonen mellom to viktige målpunkt; Alvestadkroken og Føresvik».

Bakgrunnen for innsigelsen var at planforslaget ikke samsvarte med tidligere varslet plan hvor turvei lå inne i planen. Det ble også varslet et «beskjedent antall nye naust». Fylkesmannen fremmet innsigelse med samme begrunnelse. Kommunen har drøftet saken med fylkesmannen og nå fremlagt forslag til ny plan med turvei.

Foreliggende plan er noe utvidet i nord, slik at turveien er lagt inn også lenger opp mot Føresvik.

Fylkesrådmannen mener planforslaget nå ivaretar allmennhetens interesser ved at turveien igjen er lagt inn i planen. Antallet naust er ikke endret, men turveien vil i tilstrekkelig grad kunne sikre tilgangen til strandsonen. Fylkesrådmannen kan på bakgrunn av endringen i plan frafalle innsigelsen.

Med hilsen

Tom Gyran
rådgiver

Knut T. Slettebak
rådgiver

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.*

Kopi:
Fylkesmannen i Roagalnd
Statens vegvesen

ROGALAND FYLKESKOMMUNE

**FYLKESRÅDMANNEN**
Kulturavdelinga

BOKN KOMMUNE
Sak: 06/330-117 J nr 15/2339
Saksansv.: KBU Saksbeh.: KBU U.Off §:
Arkivkode: L-12 J. dato: 14.08.15

Bokn kommune

5561 BOKN

04.08.2015

Dykkar ref.: 06/330-106

Saksbehandlar: Angunn Skeiseid
Direkte telefon: 51 52 10 56/51 51 67 06

Saksnr. 15/1118-11
Løpenr. 44373/15
Arkivnr. FR-RB BOK Alvstad-

Føresvik strand

**BOKN KOMMUNE - HØYRING AV FRAMLEGG TIL REGULERINGSPLAN FOR TURVEG FØRESVIK – ALVESTADKROKEN. UTTALE FRÅ SEKSJON FOR KULTURARV. MOTSEGNER MED FORSLAG TIL LØYSINGAR**

Rogaland fylkeskommune viser til brev frå Dykk som vart motteke her den 19.06.2015 samt til ettersending av oppdatert plankart den 03.07.2015.

Rogaland fylkeskommune, ved seksjon for kulturarv, har behandla planen som sektormyndigheit innanfor kulturminnevern.

Det er i tidlegare rundar i arbeid med denne planen gjennomført kulturhistoriske registreringar, samt synfaringar med Arkeologisk museum. I februar 2009 vart det gjennomført ei kulturhistorisk registrering i området med føremålet å avklare om det fanst steinalderbuplasser i området. Det vart ved denne registreringa funne einskilde flintartefaktar i prøvestikka, men pga funnforholda og terrenget i området er desse tolka som redeponert materiale frå høgareliggande område i søraust. Det ser difor ikkje ut til at den planlagte vegen kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne i desse delene av planområdet (jf brev av 17.03.2009).

Det er også gjennomført synfaringar for å avklare forholdet mellom framlagt reguleringsplan og eventuell konflikt med synlege automatisk freda kulturminne. Sumaren 2015 var det arkeologar frå Rogaland fylkeskommune til stades for å måle inn ID 53603 på ny, då det var mange moderne tiltak som var gjort innanfor det som var markert som kulturminnefeltet. Feltet har no blitt delt opp i to og er meir i samsvar med faktiske terrengmessige forhold på staden. Kulturminnefelta har ID 53603 og 213690 (vedlegg).

Innanfor planområdet for detaljregulering for turveg Alvestad - Føresvik er det registrert fleire automatisk freda kulturminne –14153 (naustuft og langrøys), 213690 og 53603 (gravfelt).
I framlegg til plan som no er sendt på offentleg ettersyn er her ein del manglar med tanke på markering av automatisk freda kulturminne i planen så her må gjerast ein del endringar for å få på plass riktige omsynssonar. Planen er, slik han no er lagt fram, i konflikt med Lov om kulturminne §§ 3 og 4.


| POSTADRESSE | BESØKSADRESSE | TELEFON | TELEFAKS | BANKGIRO: 3201.05.50520 |
|---|---|---|---|---|
| Postboks 130 Sentrum 4001 STAVANGER | Arkitekt Eckhoffsgt. 1 STAVANGER | 51 51 66 00 | 51 51 68 90 | |

E-POST: firmapost@rogfk.no INTERNETT:

På bakgrunn av feil og manglar med tanke på markeringar av automatisk freda kulturminne på plankart og planføresegner og konflikt mellom kulturminneomsyn og planlagte tiltak, ser Rogaland fylkeskommune, ved seksjon for kulturarv, seg nøydd til å fremje **administrative motsegner** til planen. Motsegnene kan fråfallast på følgande vilkår:

**ID 14153 (H730_1), 213690 (H730_2), 53603 (H730_3) – omsynssone d).**
Dei automatisk freda kulturminna med Askeladden ID 4807, 213690 og 53603 med fem meters sikringssone, må markerast på plankartet som omsynssone § 11-8 d) sosi-kode H730 i kombinasjon med LNF-R, eventuelt grøntområde med tilhøyrande reguleringsbestemming:
Omsynssone for bandlegging etter Lov om kulturminne, H730: *Innanfor omsynssone for bandlegging etter Lov om kulturminne finst det tre kulturminne med ID 4807, 213690 og 53603. Det er ikkje tillate å setje i gang tiltak som kan skade, øydelegge eller utilbørlig skjemme kulturminna eller foreta nokon form for fysiske inngrep i området, jf. Lov om kulturminne §§ 3 og 8. Eventuelle tiltak innanfor området må på førehand avklarast med kulturminnemyndigheitene. Fortrinnsvis bør slike tiltak fremjast i form av ei reguleringsendring.*
*For eigedom med gnr 11 bnr 18 gjeld at det er tillate med vanleg vedlikehald og skjøtsel av hus og hage, men at ein ikkje gjer inngrep under dagens matjordslag.*

**ID 213690 og 53603 – omsynssone c).**
Området rundt kulturminna, innanfor dei stipla linjene, må markerast med omsynssone § 11-8 c) SOSI-kode H570 (sjå vedlegg). Til omsynssone c) må det knytast ei bestemming som sikrar at det ikkje blir ført opp bygg eller anlegg for tett på dei synlege automatisk freda kulturminna, jf. Lov om kulturminne §3 vedrørande skjemming. Eventuelle tiltak innanfor området må på førehand avklarast med kulturminnemyndigheitene, jf. Lov om kulturminne §§ 3 og 8. Fortrinnsvis bør slike tiltak fremjast i form av ei reguleringsendring.

Dette er det same området som av seksjon for kulturarv er vurdert til å ha potensiale for ikkje kjente automatisk freda kulturminne under dagens markoverflate. Området må regulerast med føremålet **naturområde**. Føremålet naturområde opnar ikkje opp for nokon varige tiltak og med bestemminga om ingen inngrep i grunnen vurderer vi det slik at dette gjev eit tilstrekkeleg vern for eventuelle uoppdaga kulturminne. Vi har på bakgrunn av dette følgande forslag til formulering:

<u>Omsynssone c):</u>
*I området der ein planlegg nyetablering av turveg, er dette tillate ved at ein legg grus på duk. I området er det potensiale for automatisk freda kulturminne. Alle tiltak må på førehand avklarast med kulturminnemyndigheitene, jf. Lov om kulturminne § 3. Det kan ikkje gjerast tiltak som krev inngrep i grunnen. Eventuelle tiltak i området, som oppsetjing av lysmaster, gjerde, benkar, samt grøfting og drenering, må på førehand avklarast med kulturminnemyndigheitene som må vurdere eventuelle behov for arkeologiske registreringar. Det vert forutsett at eventuelle tiltak/installsjonar i området skal vere godt tilpassa landskapet og vere av moderate dimensjonar av omsyn til nærliggande automatisk freda kulturminne.*
*For området B2 gjeld at alle fysiske tiltak i form av tiltak over markoverflata skal inn til kulturminnemyndigheitene for vurdering. Vanleg vedlikehald og skjøtsel er tillate.*

Rogaland fylkeskommune, seksjon for kulturarv, har **motsegn** til planlagt utbyggingsområde B2, den delen som ligg nord for vegen. Dette då kombinasjonen

omsynssone d)H730 – føremål ikkje let seg kombinere. Motsegna kan bli trekt om ein legg området inn som omsynssone d) H730 i kombinasjon med LNF-R, eventuelt grøntområde (sjå over – omsynssone d)

Rogaland fylkeskommune, seksjon for kulturarv, har også **motsegner** til føresegnene 5.2.2 og 5.2.3 (andre avsnitt), slik dei står i innkomne føresegner. Nedanfor er skissert forslag til løysingar som gjev grunnlag for å fråfalle motsegnene:

5.2.2: Der turvegen går ved/tett på område regulerte til omsynssone H730_1-3 skal turvegen i sin heilskap leggast på duk oppå eksisternade terreng, og det er ikkje høve til å gjere terrenginngrep utan at dette på førehand er avklart med kulturminnemynde.

5.2.3 (andre avsnitt): langs turvegen kan det etablerast lysmaster for lyssetjing. På strekningane forbi H730_1-3 skal plassering av lysmaster leggast fram for kulturminnemynde for godkjenning.

Vi er svært positive til føresegn 9.2 vedrørande detaljplanar som skal utarbeidast.

**Meir vedrørande ID 213690 og ID 53603 – ulike alternativ**
I området ved desse kulturminna, finst der to alternative trasèval – eitt som inneber søknad om dispensasjon frå Lov om kulturminne § 8, 4. ledd - alternativ 1- 2, og eitt som ikkje gjer det – alternativ 1-3 (sjå vedlagte kart).
Rogaland fylkeskommune vil tilrå at ein legg turvegen, grus på duk og ingen inngrep i bakken, slik skissa på kart 1 viser, altså med alternativ 1 og 3. Årsaka til løysinga med grus på duk er at her er stort potensiale for funn i bakken. Dersom det skal gjerast inngrep i bakken vil vi her krevje gjennomføring av kulturhistorisk registrering, jf. Lov om kulturminne § 9, 1. ledd, for å få avklart forholdet til automatisk freda kulturminne.

Dersom Bokn kommune heller ønskjer turvegen nærare sjøen (jf. alternativ 1-2, kart 2) må det søkast om dispensasjon frå Lov om kulturminne §8, 4. ledd. Sjølv om dette ikkje er vårt foretrukne alternativ, vil vi kunne tilrå denne løysinga ovanfor Riksantikvaren, då dette alternativet vart arbeidd med og signalisert tilrådd i 2007 og 2009.

Om ein derimot vel vårt foretrukne alternativ 1 og 3, der ein legg sti på grus på duk, utan inngrep i terrenget treng ein ikkje søke om dispensasjon, men her må det i reguleringsbestemmingane presiserast at det ikkje skal forekomme nokon form for inngrep i bakken (graveforbod), då det er potensiale for funn under bakken (sjå over, jf omsynssone d)).

**ID 14153**
Vi ser at turvegen er planlagt å gå gjennom dette feltet. I brev frå oss den 15.10.2007 og 17.03.2009 vert det signalisert at Rogaland fylkeskommune vil kunne tilrå ei løysing der ein legg turvegen i eksisterande traktorveg nedanfor nausttufta. Dette står ved lag. Det er viktig at ein ikkje planlegg terrenginngrep i området der naustet ligg (jf. omsynssone d) og og at det kjem tydeleg fram på plankartet at turvegen vil gå gjennom feltet. Det må komme tydeleg fram kva for eventuelle andre alternativ til trase som er vurderte, skildring av tiltak med tanke på type dekke, tilpassing i terrenget, materialbruk osv. Tiltaket må inn til dispensasjonsbehandling hos Riksantikvaren i medhald av Lov om kulturminne § 8, 4. ledd.

**ID 43887**
Funnstad for vestlandsøks av grønnstein. Er ikkje automatisk freda og bør takast ut av

planen.

**Øvrige merknader**
Rogaland fylkeskommune er positive til at kommunen ønsker å lage ein turveg i området, slik at mellom anna fomminna i området vert meir tilgjengelege for alle. Vi vil difor tilrå ovanfor Riksantikvaren at dei naudsynte dispensasjonane vert gjevne så lenge dei ovanfornemnde punkta er arbeidde inn i planen og kulturminna vert tatt vare på, på ein god måte.

Vi vil gjere merksame på at Riksantikvaren ikkje kan behandle saka før fylkeskommunen sine motsegner er avklarte. Når plankart og planføresegner er endra i tråd med våre forslag til løysingar, og planen kjem på ny, avgrensa høyring til oss, vil vi kunne oversende dispensasjonssøknaden til Riksantikvaren. Planen vert då også sendt til Arkeologisk museum UiS som skal vurdere saka og uttale seg til dispensasjonsspørsmålet. Vi understreker at det er Riksantikvaren som er rette dispensasjonsmyndigheit. Riksantikvaren har normalt ei behandlingstid på ca 3 månader frå saka er lagt ut på ny avgrensa høyring

I ein slik søknad er det viktig av Bokn kommune lagar ei prinsippskisse for korleis ein vil gå fram når det gjeld etablering av ny turveg som vil gå gjennom kulturminnefelta med ID 14153 og 53603 – korleis ein skal gjere dette utan inngrep i bakken og korleis tilpassinga i terrenget er tenkt.

**Vi vil til slutt gjere merksame på at det ikkje kan gjerast endeleg planvedtak før forholda kring dei automatisk freda kulturminna er avklarte. Dersom kommunen ikkje ønsker ei dispensasjonsbehandling og sender saka til oss på ny avgrensa høyring, er dette brevet å oppfatte som ei motsegn til planen.**

Dersom de har vidare spørsmål/kommentarar eller noko er uklart, stiller vi som kulturminnemyndigheit gjerne på eit eventuelt møte.

Med helsing
Seksjon for kulturarv

Jan G. Auestad
fylkeskonservator

Angunn Skeiseid
rådgjevar

Vedlegg: a) notat frå arbeid med ny innmåling av ID 53603
b) Askeladden utskift ny innmåling ID 53603
c) Askeladden utskrift ID 14153
d) Plankart med innteikna område for H570
Kart 1: Alternativ 1-3 turveg ved ID 213690 og 53603
Kart 2: Alternativ 1-2 til turveg ved ID 213690 og 53603

Kopi: Fylkesmannen i Rogaland
Arkeologisk museums UiS

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje signatur.*

Møyfrid Vatnaland
Boknatunvegen 54A
5561 Bokn

| BOKN KOMMUNE | | |
|---|---|---|
| Sak: | J.nr | |
| Saksansv.: | Saksbeh.: | U.Off §: |
| Arkivkode: | J. dato: | |

Bokn 04.08.15

Bokn kommune
Boknatunvegen
5561 Bokn

Merknader til turveg Føresvik Alvestadkroken

Som grunneigar er eg i utgangspunktet i mot denne turvegen da den trulig blir til ulempe for oss med gjerde og vegvedlikehald. Det er underleg at ein skal gjerde eigaren ute fra strandsonen og beite for at andre skal ha glede av min eigedom.

3.2 Bustader
Under punkt 3.2.1
Det skal ved alle søknadar om tiltak dokumenteras at siktlinjer til sjø for bakanforliggjande hus ikkje vert brote.
Kan ikkje sjå at dette lar seg gjennomføre å bygge ny bolig uten å bryte siktlinje til sjø for bakenforliggende hus.

3.4.2
At det kun er tillatt med eit vindu er ikkje i tråd med tidliger byggeskikk på naust. Det er heller ikkje like regler som i Hålandsjøen der nylig bygget naust har godkjent fleire vindu og større vindusflate.

4.2
Grunneigar krever at kommunen skal stå for vedlikehold av veg som blir brukt som turveg, når planen er vedtatt.

5.1
Deler av grøntområde som ligg på vårt område er ei grop som ein ønsker å planere og det er planlagt plassering av septiktank.

5.2.3

Ein må vurdere anna form for lyssetting enn lysmaster ,
Høyspentmaster (strømlaus) må fjernes dette er skjemmande for heile området

Mvh

Møyfrid Vatnaland


ID
N11
SA
H5_0_9
201302
Bokn kommune
Kommuneplanens arealdel
Målestokk: 1:3 001
Dato 07.10.2015
90 m
Med forbehold om feil i kartgrunnlaget. Stiplet eiendomsgrense kan være beheftet med store feil.
Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendommer skal bestilles skriftlig hos kommunen.


11/149
11/143
11/18
27
11/18
11/57
11/313
11/85
23
11/156
21
11/133
11/133
19A
11/281
11/257
Bokn kommune
Grunnkart
Målestokk: 1:1 000
Dato 07.10.2015
30 m
Med forbehold om feil i kartgrunnlaget. Stiplet eiendomsgrense kan være beheftet med store feil.
Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen.

Boken Kommune. 5561 Bokn

Bokn 23-06-2015.

Sti fra Føresvik til Alvestadkroken. Ref. 06/330-105/K2-L12/BJL.

Jeg er i mot å få en sti over min tomt. Stien bør begrenset til å gå fra Føresvik til badeplassen for der går den langs sjøen,etter det går den opp og ned på jorder med en tur ned til sjøen under broen Der er det ikke helt trygt å gå da det har forekomt at deler har komt ned fra paserende biler.Skal en ha sti langs med sjøen bør den gå der etter mitt syn.

| BOKN KOMMUNE | | |
|---|---|---|
| Sak: 06/330-107 | J.nr: 15/1971 | |
| Saksansv.: BJL | Saksbeh.: BJL | U.Off §: |
| Arkivkode: L12 | J. dato: 25/6-15. | |

Med hilsen Eyvind Alvestad

Havnavegen 34. 5561 Bokn.

Eyvind Alvestad.


ID
N11
SA
H550_9
201302
B15
SA
199701
Bokn kommune
Kommuneplanens arealdel
Målestokk: 1:3 001
Dato 07.10.2015
90 m
Med forbehold om feil i kartgrunnlaget. Stiplet eiendomsgrense kan være beheftet med store feil
Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen.


27
11/18
11/57
11/313
11/85
23
11/133
11/156
21
11/133
11/281
19A
11/257
11/172
11/276
11/157
19
11/13
11/155
17
11/266
11/267
11/5
Bokn
kommune
Grunnkart
Målestokk: 1:1 000
Dato 07.10.2015
30 m
Med forbehold om feil i kartgrunnlaget. Stiplet eiendomsgrense kan være beheftet med store feil.
Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen.

BOKN KOMMUNE

| Sak: | J.nr |
| --- | --- |
| 06/330-113 | 15/2284 |

| Saksansv.: | Saksbeh.: | U.Off §: |
| --- | --- | --- |
| BSL | BSL | ✓ |

| Arkivkode: | J. dato: |
| --- | --- |
| L12 | 04.08.15 |

Alvestad 3/8-2015.

Til Bokn Kommune.
Teknisk

ang. Turveg Føresvik - Alvestad.

Eg protesterer sterkt att turvegen blir teken inn i reguleringsplanen igjen.
Då turvegen deler av kulturbeitet på vår eiendom.
Blir den bygt etter kartskissen ligg den ikkje i strandsona på vår eiendom.

Blir den bygd må den liggja inn til hagen til Finn Alvestad.

Det er nok av plasser å gå tur på på Bokn

Med helsing Edvin Ovrebø


ID
N11
SA
H550_9
201302
FR
B15
SA
Bokn kommune
Kommuneplanens arealdel
Målestokk: 1:3 001
Dato 07.10.2015
90 m
Med forbehold om feil i kartgrunnlaget. Stiplet eiendomsgrense kan være beheftet med store feil.
Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen


Bokn kommune
Grunnkart
Målestokk: 1:2 500
Dato 07.10.2015
70 m
Med forbehold om feil i kartgrunnlaget. Stiplet eiendomsgrense kan være beheftet med store feil
Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen

# BOKN KOMMUNE
## Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| **Styre, utval, komite m.m.** | **Møtedato** | **Saksnr** | **Sakshands.** |
| Kommunestyret | 15.12.2015 | 066/15 | JEN |

| | | |
|---|---|---|
| **Saksansv.:** Jan Erik Nygaard | **Arkiv:** K1-216<br>**Objekt:** | **Arkivsaknr**<br>15/688 |

### Val av revisor for perioden 2016 - 2020.

### Dokumentliste:

| Nr | T | Dok.dato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 1 | I | 17.11.2015 | Kontrollutvalet v/ Torill Hallsjø | Val av revisor for perioden 2016-2020 - sak til kommunestyret |

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

**KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Bokn kommunestyre vel revisjonsselskapet Deloitte AS som kommunen sin revisor frå 01.07.16 til 30.06.20 med opsjons for kommunen å forlengje avtalen med 2 år.

**Kva saka gjeld:**

Sjå vedlagt brev datert 16.11.15 og særutskrift frå kontrollutvalsmøte 10.09.2015. Dokumenta «anbodsevaluering- tallmatrise» og «anbodsevaluering – om anboda og anbyderane» er unnateke offentligheita og blir lagt fram i møte.

HAUGALAND
Kontrollutvalgssekretariat IKS

Bokn kommune
Postmottak ( via e-post)

5561 BOKN

| Dykkar ref. | Dykkar dato | Vår ref. | Dato |
|---|---|---|---|
| | | 15/376/216/tha | 16.11.15 |

**OVERSENDING AV SAK TIL KOMMUNESTYRET – VAL AV REVISOR FOR PERIODEN 2016-2020**

Kontrollutvalet behandla i sitt møte 10. september, sak 18/15 om val av ny revisor for perioden 2016-2020, og kontrollutvalet fatta følgjande samrøystes innstilling:

> ***Bokn kommunestyre vel revisjonsselskapet Deloitte AS som kommunen sin revisor frå 01.07.16 til 30.06.20, og med opsjon for kommunen til å forlengje avtalen med 2 år.***

Saka vert oversendt til kommunestyret for behandling, då det i kommunelova § 78.4 går fram at val av revisor ikkje kan delegerast.

Sekretariatet vil gjere merksam på at etter offentleglova § 23.3 er **vedlegg 3** og **4 ikkje offentlege** og må behandlast konfidensielt. Desse vedlegga kan anten sendast ut pr. post i forkant eller delast ut i møtet på farga papir og samlast inn igjen for makulering.

Eg ber om at saka vert lagt fram for kommunestyret som eigen sak i kommande møte den **15. desember**, og at tilbakemelding vert sendt sekretariatet.

Med helsing

Toril Hallsjø (sign.)
*Dagleg leiar*

Særutskrift av sak 18/15 Val av revisor og saksframlegg m/vedlegg:
1) Tilbodsbrev frå KPMG AS
2) Tilbodsbrev frå Deloitte AS
3) Anbodsevaluering - tallmatrise (**Ikkje off., OFL § 23.3**)
4) Anbodsevaluering – om anboda og anbydarane (**Ikkje off., OFL § 23.3**)

**Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS** – Postboks 57 – 5575 Aksdal – Tlf.: 52 75 73 50
E-mail: post@kontrollutvalgene.no – Web: www.kontrollutvalgene.no

# BOKN KONTROLLUTVAL

## SÆRUTSKRIFT

Torsdag **10. september 2015** blei det halde møte i Bokn kontrollutval under leiing av leiar Daghild G. Alvestad.

| | |
|---|---|
| **MØTESTAD:** | Boknatun, allrommet, 2. etasje |
| **MØTESTART/-SLUTT:** | kl. 17.00 – kl. 18.00 |
| **MØTANDE MEDLEMMER:** | Daghild G. Alvestad (Sp) og Christine Berge Christiansen (A) |
| **MØTANDE VARAMEDLEM:** | 3. varamedlem Rune Vatnaland (Sp) |
| **FORFALL:** | Olav L. Rossebø (H) |
| **FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:** | Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS |
| **FRÅ REVISJONEN MØTTE:** | Revisor/partner Else Holst-Larsen, Deloitte, Hgsd (ikkje i sak 18/15) Revisor Gunnar Husabø, Deloitte as, Bergen pr. telefon i sak 16/15 |
| **ANDRE SOM MØTTE/DELTOK:** | Ingen |
| **MERKNADER TIL INNKALLING:** | Møtet var utsett frå 03.09.15 til 10.09.15 |
| **MERKNADER TIL SAKLISTE:** | Sak 16/15 om prosjektplan blei handsama som fyrste sak, deretter blei sakslista følgd |

## FØLGJANDE SAK BLEI HANDSAMA:

### SAK 18/15 VAL AV REVISOR FOR PERIODEN 2016- 2020

**Handsama i lukka møte, jf. kommuneloven § 31.2. Vedlegg 3 og 4 – ikkje offentleg, jf. OFL§ 23.3**

**Sekretariatet si innstilling:**

Bokn kommunestyre vel revisjonsselskapet **xxxxxx** som kommunen sin revisor frå 01.07.16 til 30.06.20, og med opsjon for kommunen til å forlengje avtalen med 2 år.

**Handsaming i kontrollutvalet 10.09.15:**
Revisor gjekk før handsaming av saka. Vedlegg 3 og 4 blei delt ut og gått igjennom i møtet.

Utvalssekretær gjorde greie for dei to innkomne anboda. Ut frå vektinga av anbodskriteria, er det anbod nr 2 (Deloitte AS) som skårar høgast. Utvalet støtta dei vurderingane som sekretariatet hadde gjort, slik det kom fram i anbodsevalueringane i vedlegg 3 og 4. Utvalet meinte vedlegga gav eit godt grunnlag for velje det tilbodet som var "*det økonomisk mest fordelaktige*" for kommunen.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.09.15 og innstilling til kommunestyret:**

*Bokn kommunestyre vel revisjonsselskapet Deloitte AS som kommunen sin revisor frå 01.07.16 til 30.06.20, og med opsjon for kommunen til å forlengje avtalen med 2 år.*

**Rett utskrift:**

Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)

# BOKN KOMMUNE
## Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| **Styre, utval, komite m.m.** | **Møtedato** | **Saksnr** | **Sakshands.** |
| Kommunestyret | 15.12.2015 | 067/15 | GRS |

| | | |
|---|---|---|
| **Saksansv.:** Gro Sørensen | **Arkiv:** K1-033, K3-&17<br>**Objekt:** | **Arkivsaknr**<br>15/622 |

### Meldingssaker til kommunestyremøte 15.12.2015

**Dokumentliste:**

| Nr | T | Dok.dato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 3 | S K | 07.12.2015 | | Sakskart Kommunestyret KS 15.12.2015 |

| | |
|---|---|
| 1. Formannskapet 02.11.2015, sak 054/15 | **Oppnevning av kandidatar til Kamsund Havnevesen:**<br>**Formannskapet vedtok:** Med heimel i kommunelovens § 13 gjer Bokn formannskap vedtek om å oppnemne Lars Sigmund Alvestad som kandidat i Karmsund Havneråd.<br><br>Som medlem av styret blei Tormod Våga valgt. |
| /2. Formannskapet 01.12.2015, sak 057/15 | **Godkjenning av avtale mellom Bokn kommune og Statens Vegvesen om vassforsyning til E39 Rogfastprosjektet.**<br>**Formannskapet vedtok:**<br>Bokn kommune godkjenner avtalen mellom Bokn kommune og Statens vegvesen om vassforsyning til E39 Rogfast-prosjektet.<br><br>1. Formannskapet fungerer som styringsgruppe for prosjektet.<br><br>2. Undervegsrapportering skjer regelmessig i møter mellom prosjektleiar/seksjon teknisk og eit utval |

| | |
|---|---|
| | beståande av ordførar, varaordførar og rådmann. |
| 3.Formannskapet 01.12.2015, sak 059/15 | **Kulturprisen 2015.**<br>**Formannskapet vedtok:**<br>1. Bokn kommune sin kulturpris 2015 går til Janne Elin Vatnaland. Ho får prisen for å vera eit forbilde for boknarar og andre innan fysisk aktivitet, med fokus på idrett og løping - ein ispirator i folkehelsearbeid. Prisvinnaren var med og grunnla løpet Bokn OppNed i 2011 og har vore med på fellestreningar om somrane for boknarar som ynskjer å prøva løping.<br>Janne Elin Vatnaland har hatt ei drivande utvikling gjennom seks år og er blant dei beste i Noreg i si idrettsgrein. Langdistanseløparen er eit svært godt døme på at ein kan nå langt med å driva på hobbybasis, og at allsidigheit er eit av suksesskriteriane for å halda seg skadefri og oppleva idrettsglede, men å samtidig prestera på eit høgt nivå.<br>I tillegg til alltid å vera ein smilande deltakar og god ambassadør for idrett og Bokn, er ho også som engasjert tilskodar ein motivator for andre deltakarar.<br><br>2. Prisen består av eit kunstverk på kr. 10.000, samt diplom.<br>Formannskapet ber også om at statuttene for kulturprisen vert vurdert på ny. |
| 4. Kontrollutvalet i møte 26.11.2015 | 1. Protokoll frå kontrollutvalsmøte, sjå vedlegg. |

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Meldingssakene blir tatt til orientering.

HAUGALAND
Kontrollutvalgssekretariat IKS

Bokn kommune
Postmottak ( via e-post)

5561 BOKN

| Dykkar ref. | Dykkar dato | Vår ref. | Dato |
|---|---|---|---|
| | | 15/417/033/tha | 02.12.15 |

**PROTOKOLL - KONTROLLUTVALET 26. NOVEMBER 2015**

Vedlagt følgjer protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 26.11.15.

Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar og vil bli lagt fram for utvalet til endeleg godkjenning i neste møte i november.

Eg ber om at protokollen vert sendt ut blant saksdokumenta til neste kommunestyremøte, slik at medlemmer, varamedlem, administrasjon og presse vert orientert.

I følgje vedtatt møteplan er neste kommunestyremøte 15.12.15.

Dersom det er spørsmål, ta gjerne kontakt med utvalssekretær på tlf. 95 98 69 79 eller e-post: tha@kontrollutvalgene.no .

Med helsing

Toril Hallsjø (sign)
*Dagleg leiar*

Vedlegg: Protokoll – kontrollutvalet 26.11.15

Møte nr. 4/15

# BOKN KONTROLLUTVAL

## PROTOKOLL

Torsdag **26. november 2015** blei det halde møte i Bokn kontrollutval under leiing av leiar Lars Øyvind Alvestad. Han ønskte velkommen til fyrste møte i denne valperioden.

| | |
|---|---|
| **MØTESTAD:** | Boknatun, møterom 1. etasje |
| **MØTESTART/-SLUTT:** | kl. 17.00 – kl. 19.10 |
| **MØTANDE MEDLEMMER:** | Lars Øyvind Alvestad (Ap) og Jørn Hansen (H) |
| **MØTANDE VARAMEDLEM:** | Varamedlem Johannes Nilssen (Sp) |
| **FORFALL:** | May Jorunn Vatnaland (Sp) |
| **FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:** | Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS |
| **FRÅ REVISJONEN MØTTE:** | Revisor Inger Johanne Solberg, Deloitte, Hgsd |
| **FRÅ ADMINISTRAJONEN MØTTE:** | Kommunalsjef Solrunn Alvestad |
| **MERKNADER TIL INNKALLING:** | Utvalet etterlyste sakskartet i Dropbox. Sekretær lova å ordne det. |
| **MERKNADER TIL SAKLISTE:** | Ingen |

## FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

### SAK 19/15 KONTROLLUTVALETS ANSVAR OG OPPGÅVER

**Sekretariatet si innstilling:**
Bokn kontrollutval tar gjennomgangen av utvalets ansvar og oppgåver til orientering.

**Handsaming i kontrollutvalet 26.11.15:**
Utvalssekretær gjorde greie for utvalet sitt ansvar og oppgåver. Alle tre medlemmene hadde deltatt på informasjonsmøtet i Aksdal. Medlemmene stilte spørsmål undervegs.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.11.15:**

*Bokn kontrollutval tar gjennomgangen av utvalets ansvar og oppgåver til orientering.*

## SAK 20/15 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 10.09.15

**Sekretariatet si innstilling:**
Protokoll frå møte i kontrollutvalet 10.09.15 blir godkjent slik den ligg føre.

**Handsaming i kontrollutvalet 26.11.15:**
Utvalet hadde ingen merknader, då ingen hadde vore til stades på møtet.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.11.15:**

*Protokoll frå møte i kontrollutvalet 10.09.15 blir godkjent slik den ligg føre.*

## SAK 21/15 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 26.11.15

30. K-styrevedtak 27.10.15, sak 49/15 - Val av kontrollutval i Bokn 2015-2019
31. K-styrevedtak 27.10.15, sak 50/15 – Val av leiar i kontrollutvalet 2015-2019
32. K-styrevedtak 27.10.15, sak 51/15 – Val av nestleiar i kontrollutvalet 2015-2019
33. Taushetserklæring for kontrollutvalsmedlemmene
34. Reglement for Bokn kontrollutval
35. Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg for 2016
36. Tilbakemelding - informasjonsmøtet for nye kontrollutval i Aksdal 12.11.15
37. Invitasjon til FKT sin Haustkonferanse i Sandnes 10.12.15
38. Invitasjon til NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 3. – 4. februar 2016
39. Retningslinjer for selskapskontroll i Bokn kommune
40. Representantskapsmøte 11.12.15, kl. 09.00 – Haugaland Vekst IKS
41. Havnerådsmøte 19.11.15, kl. 17.00 - Karmsund Havnevesen IKS
42. Havnerådsmøte 20.11.15, kl. 13.00 - Karmsund Havnevesen IKS
43. Representantskapsmøte 02.12.15, kl. 15.00 – HIM IKS
44. Evaluering av kontrollutvalget sitt arbeid i perioden 2011- 2015

**Handsaming i kontrollutvalet 26.11.15:**
Sekretær gjorde greie for referatsakene. Teieplikterklæringa blei underteikna. Informasjons-møtet i Aksdal hadde vore lærerikt. Ingen hadde høve å delta på haustkonferansen i Sandnes.

Utvalet ønskte at alle 3 medlemmer kunne få reise på NKRF sin konferanse i februar. Sekretariatet skulle ta kontakt med ordførar og ordna med påmelding. Deltakarane må sjølv bestille flybillett. Utvalet hadde elles ingen merknader.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.11.15:**

*Kontrollutvalet tar referatsakene 30-44 til orientering.*

*Utvalet ønskjer å melde på inntil 3 medlemmer på NKRF sin konferanse på Gardermoen i februar 2016. Sekretær tar kontakt med ordførar og May Jorun Vatnaland.*

## SAK 22/15 STATUSOVERSIKT OVER UTVALET SINE PROSJEKT

**Sekretariatet si innstilling:**
Bokn kontrollutval tar statusoversikten pr. november 2015 til orientering.

**Handsaming i kontrollutvalet 26.11.15:**
Sekretær gjorde greie for bakgrunn for saka og oppsett. Utvalet hadde ingen merknader.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.11.15:**

*Bokn kontrollutval tar statusoversikten pr. november 2015 til orientering.*

## SAK 23/15 REVISJONSPLAN FOR REKNESKAPSÅRET 2015

**Sekretariatet si innstilling:**
Bokn kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2015 til orientering.

**Handsaming i kontrollutvalet 26.11.15:**
Revisor Inger Johanne Solberg viste til planen, som var lagt ved saka. Ho orienterte om revisjonen sitt arbeid, mellom anna om risikofaktorar, kommande satsingsområde og om ulike risikovurderingar. Revisor svara på spørsmål.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.11.15:**

*Bokn kontrollutval tar revisjonsplan 2015 for rekneskapsrevisjon og presentasjon frå revisor til orientering.*

## SAK 24/15 ORIENTERING OM FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2016 OG ØKONOMIPLAN 2016-2019

**Sekretariatet si innstilling:**
Bokn kontrollutval tar rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2016 og økonomiplan 2016-2019 til orientering.

**Handsaming i kontrollutvalet 26.11.15:**
Kommunalsjef Solrunn Alvestad gjorde greie for hovudinnhaldet i budsjettframlegget og økonomiplan. Budsjettet var stramt, men handterbart.

Ho orienterte om dei økonomiske føresetnadene med mellom anna ei auke i rammeoverføringane, om avtalen med Statens Vegvesen om kjøp av vatn, ulike satsingsområde, investeringar (fleirbrukshallen, nytt vassverk) og om utviklinga av lånegjelda. Rådmannen har sett av 1 mill. kr i reserve, medan det er no lite fondsmidlar. Netto driftsresultat er budsjettert i pluss. Utvalet hadde spørsmål som det ble svara på.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.11.15:**

*Bokn kontrollutval tar rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2016 og økonomiplan 2016-2019 til orientering.*

**SAK 25/15 UTARBEIDING AV NYE PLANAR FOR FORVALTINGSREVISJON OG SELSKAPSKONTROLL 2016-2020 – BESTILLING AV OVERORDNA ANALYSE OG PLANAR**

**Sekretariatet si innstilling:**
Bokn kontrollutval godkjenner tilbodet frå Deloitte AS på oppdraget med å utarbeida ein overordna analyse, Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2016-2020 for Bokn kommune slik den ligg føre/ med desse endringane.

**Handsaming i kontrollutvalet 26.11.15:**
Sekretær orienterte. Utvalet drøfta saka. Utvalet meinte dei hadde liten kompetanse til å gå imot sekretariatet si vurdering, og støtta difor innstillinga.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.11.15:**

*Bokn kontrollutval godkjenner tilbodet frå Deloitte AS på oppdraget med å utarbeida ein overordna analyse, Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2016-2020 for Bokn kommune slik den ligg føre i tilbodet av 19.11.15.*

**SAK 26/15 MØTEPLAN FOR 2016**

**Sekretariatet si innstilling:**
Bokn kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2016:
torsdag 25.02, 26.05, 08.09 og 17.11 kl. 17.00.
Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

**Handsaming i kontrollutvalet 26.11.15:**
Utvalssekretær orienterte om framlegg. Utvalet drøfta møtetidspunkt og datoar. Utvalet ville halde på møtestart kl. 17.00, men var samd i å endre møtedag til onsdagar. Fyrste møtet på nyåret blei så flytta fram, elles var framlegget til veketal greitt.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.11.15:**

*Bokn kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2016:*

***onsdag 10.02, 25.05, 07.09 og 16.11** kl. 17.00.*

*Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.*

**EVENTUELT**
Ingen saker var meldt.

<u>Neste møte</u>
Dato er sett til onsdag **10. februar 2016**.

Bokn, 26. november 2015

| | |
|---|---|
| Lars Øyvind Alvestad<br>leiar (sign.) | Toril Hallsjø<br>utvalssekretær (sign.) |